

Suderødy

Av Hans Reynolds

Vest det ber ein sumardag,
sjøen han er bland og blå,
skuta ho hev Bretlands flag,
inkje vårt med krossen på.
--Leidiher dei kjende godt
Håkon gamle, Magnus drott!

Øy i øy og tind i tind...
ligg Icolmkill i vår kos --
kjem med drag av morgonvind
helsing heim til Nidaros?
Hovding frå vår forntid stor
kvil deg her i heilag jord.

Høyrrer enn frå folkemunn,
gløymt er ei vår sogebok:
“Her var eingong norrøn grunn,
Harald konge landet tok!”
Ljoshærd møy med augo blå
du herute enn kann sjå.

Her dei rauste feder fór,
slo for Noreg mangt eit slag,
synte dug og framferd stor,
so det kveikjer oss i dag,
Suderøy og Sumarlid
--Minne frå vår stormagts-tid!

Lewis -- Noregs vestre vakt,
fyrr enn brøytet det kom på...
Lyder landet framand magt,
norrøn hug det hev endå.
Gode frendar, mann og møy,
Noreg helsar Duerøy!

Frå Vers på Vesterveg, 1985, utgjevi av
Norrønalaget Bragr



Fotografi teke frå Crounenbourg i Strasbourg.

2009, eit viktugt år i Sverige

Svensk krim hev mange gonger gjenge yver norsk fjernsynsskjermer. Nyleg hadde filmen “Menn som hatar kvinner” premiere. Målmannen tykkjer det er verd å sjå nærare på svensk krim på film og fjernsyn. Det er òg andre grunnar til å sjå i austerleid. Sverige tapte det viktuge slaget ved Poltava i 1709. I 1809 tapte svenskane den finske krigen. Det sistnemnde førde til at krigen med Noreg tok slutt og at svenskane fekk si eigi grunnlov. Det førde òg ein nordmann, Kristian August, på den svenske truna. Me rekk ikkje å koma inn på alt i dette nummeret, men det er verd å merka seg sumt i teksti “Då Sverige vart styrd frå Tyrkia”. Elles er Bergwitz sitt innlegg um målstriden verd å få med seg.

Nokre tingarar fekk diverre det fyrre bladet litt seinare enn ynskjeleg. Me gjorde eit mistak med utsendingi og vonar at me skal sleppa undan det i framtidi. Me vonar at Målmannen framleis kann formidla ein kritisk ståstad til den etablerte målrørsla. God lesnad!

I dette nummeret:

Trygve Orheim:	Glimt frå eit par nordfjordske ætter	s. 4
Alex Kurbanov:	Deg vere ære, Händel!	s. 4
Lars-Toralf Storstrand:	Kristelegt-liberalistisk blick på velferdsstaten	s. 5
Lars Bjarne Marøy:	Då Sverige vart styrt frå Tyrkia	s. 6
Kenneth Kiplesund:	Spelet kring Tine og Ica	s. 7
Thoralf Bergwitz:	Betalt og betaling - og framgangsveggar for norsk målreising	s. 9
Lars Moe:	Donars Groll gjeng mot straumen	s. 12
Norvald Aasen:	Kva gagnar språket um me avhendar alt det andre?	s. 13
Redaksjonelt:	Multikultur i praksis	s. 14
Lars Bjarne Marøy:	Snakebitar frå svensk krim på fjernsyn og DVD	s. 14

Glimt frå eit par nordfjordske ættleder

Av Trygve Orheim

For eit menneskje barn å veksa opp i ei typisk nordfjordbygd, kunde vera ein god startposisjon.

Sjølv er eg komen frå Jensgarden i den vesle livskraftige Orheims-bygda i Stårheim i Nordfjord (Bisp Nikolas Ameson sitt heimlege rike).

Heimen som mine foreldre skapte for seg og sine sju born, var sterkt merkt av dei strenge kristendoms-rørsler som gjekk yver dei vestlandske bygder i dei dagar. Og i den samanheng kann det nemnast at dei hadde eit sers godt lag med å få si religiøse oppfatning til å gå hand i hand med dugande utøving av fag og yrke, Johanne og Hans, som mine foreldre heitte.

Garden var um lag middels stor og sers grøderik. Som til dømes å dyrka tomatar på friland gjekk rettelegt fint. Og det er nok ikkje alle stader det er råd å få til.

Bestefar var ein iherdig kar som stødt dreiv og dyrka jord. Men han hadde frukt-dyrking og skogplanting på programmet. Han gjorde soleis ein ypparleg innsats for garden si framtid, med sine til dels hemesmidde reid-skapar i neven.

Han var frå garden Høyenes, som ligg litt lengre ute i bygdi. Og på Orem (som bruket då heitte) gifte han seg til både jorda-taus og gard. Som skikken då var tok han namn etter farden. Men fyre det heitte han Peder Hansen Høyenes. Ættfar hans kom i frå Skottland. Årstalet skulde vera 1602. Det vert sagt at han var handtverkar. Og ein kann lett tenkja seg at det var smed han var. For han var ein dugande smed; og alt sidan hans dagar hev karane der på garden havt godt handelag med jarnet. Det måta seg bra til for ættfaren deira. Han laut sikkert ha bra øyra for språk. Utan dei turvande kunnskapane på dette omkvervet, hadde han vel ikkje kome med i embetsstanden, for dei sette honom til å vera lensmann. Og det gjekk visst bra. For i ettermælet hans stend det millom anna at "[h]an var ein streng, men sær avhalden mann". Etterkomarane hans, som tok yver garden, vart som fast regel skulemeisterar. Det var visst det lærarane vart kalla, noko att i tidi. Men karane i denne ætti var noko meir med. Dei var nokre rett skarpe bjørneskyttarar. Rekorden for ein av dei var 34 bamsar, "alt frå börjon och till slutet". Snakk um å ha sine "sylar i hatten"!

Han besten var elles ein heil kar på sjøen. For på den tidi var det rike torskefiske vinstrane i havet som leika kring dei ytrenordfjordske strender. Og Peder Hansen laut finna seg i høvedsmannsjobben.

Far tok sine tørnar på sjøen, han med. Men han var ein sers dugande bygningsmann.

So med kvart vart det husbyggjing med honom, attåt gardsdrifti. Elles hadde han det som faren. Han laut ha eit jordstykkje under oppdyrking, skulde han kjenna seg vel. So eit prosjekt som han hadde emna på ei stund gjekk han laus på. Det var ei myt på ca. 4 mål og stappfull av digre furerøter. So her vart det stubbebyrtar som vart den viktugaste reid-skapen. Dertid var god trekraft noko som måtte til.

Me hadde ei nett og fin ulsblakk merr, den meinte far var for lett til dei aukande arbeid-suppåvone på garden. Og etter som han hadde fenge spurtag på ei stor og sterkbygd merr inne i Loen, hjå ein bonde som heitte Mons Loen. Henne kjøpte han. Og dette var eit heldigt kjøp. Vel vand med all slags arbeid som ein øyk brde ha kjennskap til. Dertil på-tande og godlynd. Men ho hadde ikkje vore utstilt, det "grov" gamleguten. So når hausten kom, hadde han meldt henne inn til den årvisse utstillingi på Nordfjordeid.

Nå-ja, dette var då i fyrste rekkje eit arbeidsdyr og dertid hadde ho føl som saug på seg. So ho var ikkje nedlesst med kjøt slik som dei talrike konkurrentane hennar var. Premigraden vart dimed tridje. Men alle som var på utsillingi såg at dette i realiteten var ei andrepremiemerr. Dette tykte visst domarane òg. Dei kalla henne i alle fall inn att i ringen for nærare studium. Men ho var for "tynn" for å koma høgre. Men klok var ho. Ho lærde i alle fall meg å køyra.

Peter, eldste bror min, reiste til Canada. Medn nr. 2, Magnus, hadde prøvd seg som pelsuppdrettar eit års tid. Dette var noko han kunde tenkja seg å taka fatt på for ålvor. So dimed sette far og han i gong med å byggja eit anlegg for pelsdyravl. Dette vart Magnus si verksemd og fekk anmetten Orheim Sylvrevgard.

Alt frå fyrste året gjekk det bra med dette tiltaket. Og det fjorde det fyrste hausten på utstilling, med godt sal av alsdyr. Revegarden vart med kvart ein god stydjespelar for gards-bruket.

Stovehuset i Jensgarden tok med kvart til å få noko mykje aldrar og elde yver seg. So ein haustdag eg kom att frå skulen i 1935, var vaksnekarane byrja grava ut tomt for nyehuset. Eg var då 10 år so det vart ikkje rare innsatsen av meg med hakke og spade. Men dei eldre brørne mine vart med kvart noko i retning av timbermenner. Berre far fekk lært dei upp. Å få læra seg å "nova", det er å skjera til stokken i hus-hyrni, var ein viktug jobb. So det måtte lærast og det skikkelegt, må vita. Elles vart huset rett bra, det. Med tri stovor i lengdi og tri sokalla ljosarker på eine sida og ei litt større

dimensjonert ei på hi.


Med ei nyvølt driftsbygning, eit fint stabbur og nytt våningshus var Jensgarden opphytt so det heldt vanleg bra standard. Men endå um det gjekk rett bra i revegarden, og det vart nøgdi med eple år um anna, so var det mjøl- og kjøtproduksjonen som var det viktugaste. Det vart soleis halde storfe-sjå i alle bygder i fylket tridjekvart år. Og hugsar eg ikkje rangt, vart det halde storfe-sjå i Stårheim våren 1936. Dette var kanskje ikkje det heldigaste året for oss, for på det tidspunktet hadde me berre tri vaksne kyr. Men so var det då tri rettelege drusor, ljosgrå på farge og mest heilt like med lange, elegant bøyge horn. Og premigraden vart den andre. Og eg torer nemna at dei var rett staselege i solskinet der dei med sine raude sløyfor vart uppstelde for fotografering.

Elles hadde me ein del ungfæ, av desse tri kvigor som skulde kalva til ahusten, so dei kunde ikkje få meir enn tridje premi. Og det fekk dei.

Um det tusla og gjekk bra på heimlege kantar, var det nok ikkje sikkert at alt var trygt og vel og bra ute i verdi. Og vakse folk, serlegt dei som hadde upplivt fyrste heimskrigen, vart meir og meir tenksame. Dertil var dei same um at her måtte dyrkast meir korn; mykje meir korn. Trylegt vart det krig. Tonen ein viss diktator bruka i samtalar med sine grannar kunde tyda på litt av kvart.

Og so ein dag me var av garde og las for presten, kunde radioen melda um at det var krig i verdi. Det vdistrekte, men nokso hjelpelause Polen, var offeret. Og presten som sjølv dreiv Eid prestegard som den fullblods bonden han var, var sers ålvorsam i tala si til oss på denne dagen.

Ein ny epoke var no vakna til live, ny og uhugeleg vond på alle vis, var byrja si vandrings yver verdi.



**Hugsa bladpengane for
2009!
Giro er stifta inn i bladet.**

Eit svensk perspektiv på norsk målstrid

Av Lars Bjarne Marøy

Dersom ein ser på norden i dag er det utan tvil eit språk som er det største og som truleg når lengst, det er svensk. Svenskane er 8 millionar og på god veg til å verta 9 millionar språkbrukarar. Samanlagt skulde Noreg og Danmark kunna tevla med Sverige, men det gjer me ikkje, me er kløyvde.

Ein kann koma i hug Welhaven som var redd for at eit sernorsk språk vilde brjota bandi med Danmark og gjera den norske litteraturen ringare og mindre utbygt, og det er klårt at hadde ein teke upp eit språk heilt frå grunnen av, vilde det unekteleg ha vore variasjonar av språket som vilde ha gjenge tapt, um ein braut fullstendig med alt som var fyrr, men slik kunde det ikkje verta.

Derimot er det ulike aspekt ved norsk målstrid som ein ikkje fullt ut kann skyna utan å taka inn det svenske aspektet. Her kann me berre vera spyrtjande i fyrste umgang, men det er utan tvil ulike sidor i tilhøve millom alle dei tri nordiske landi som ikkje er godt nok utforska pr. i dag.

For kva var det som hende med Welhavens synspunkt til språkstriden. Jau, fram til 1917 vart det ikkje umsett bøker millom Noreg og Danmark. Bøkene gjekk fritt millom Noreg og Danmark, men i 1925 vart danske Gyldendal kjøpt upp og henta heim til Noreg. Andre norsk forlag hadde kome til og kunna byrja å tena pengar på norske utgjevingar som danskane fram til no hadde havt det meste av inntektene av.

Fram til 1917 hadde also norden havt tvo store bokmarknader som kann ha vore umlag jambyrdige, men den nye utviklingi opnar for tvo interessante tilnærmingar. For det fyrste med eit norsk forlag var det essensielt kva litteratur norske bokkjøparane ynskte. Det vil segja at fleire argument mot nynorske bokutgjevingar fall burt. Dessutan når bøker fyrst måtte umsetjast var kvaliteten på bøkene og marknadspotensialet det viktigaste. Um bøkene var svenske eller danske var ikkje avgjerande. For fyrste gong kunde ein also likso godt gjeva ut svenske som danske bøker. Dei danske bøkene var ikkje noko ein fekk sendt upp som ein del av den norske litteraturen lenger. Det må naturleg nok ha vore ein stor knekk for danskane. Dei danske forlagi må ha tapt store pengar på å mista den norske marknaden.

Dette brotet kann umogleg understreka sterkt nok. Det må ha styrkt temperaturen i språkstriden munleg, og det interessante er at det er riksmålssida som bryt med røtene sine. Frå no av vil alltid den gamle danske og norske litteraturen vera ein del av ein gamal

norsk tradisjon, samstundes som at krafti i felleslitteraturen fell burt. Det må ha vore ei utbjoding både for danskar og nordmenn. Det er interessant at svenskane truleg styrkte den norske sjølvstendelina gjennom å gjeva nobelprisar både til Hamsun og Undset. Det vart ein inspirasjon til å halda fram riksmålslina i Noreg, og hev nok òg introdusert norske forfattarar på den svenske bokmarknaden som var langt meir økonomisk interessant enn den danske.

Størsteparten av den litterære utvekslingi måtte likevel gå andre vegen frå Sverige til Noreg, og svenskane hadde med sine lange tradisjonar for forskning og litterær produksjon frå 1600-talet og frammyver mykje å fara med. I 1809 skal Sverige ha havt fire høgre lærestader, medan Noreg hadde ingen og Danmark universitetet i København. Det er òg interessant at Sverige fekk si grunnlov nett i 1809 og Noreg i 1814, medan danskane måtte venta til 1849.

Rett etter at den norske forlagsverdi for ålvor var komen i gong kjem andre verdskrigen. Ei rad nordmenn flyktar yver til Sverige. Det er ekstra viktig at det var mange skrivekunnige og dugande menneske som kom yver til Sverige. Dei hadde større høve og vilje til å henta svensk inspirasjon. Finn Erik Vinje hev ettervist at det finst mykje svensk språkstoff i norsk som kann skriva seg frå krigstidi.

I etterkrigstid vert den svenske bokmarknaden styrkt av den svenske nøytraliteten, medan nordmennene måtte slita med den tyske nyordningi og forfattarstreik. Svenskane kom mykje lenger med nye litterære genrar og hadde større inntekter til litterær produksjon.

På 1960- og 1970-talet vart grensa millom Noreg og Sverige kryssa oftare på grunn av voksteren i privatbilismen. Samstundes fekk norske sjåarar langs heile grensestrekningi tilgang til svenske radio- og fjernsynssendingar. Nr. kjøpte likeins inn ei rad svenske program.

Då den svenske bokmarknaden vart liberalisert på 1970-talet byrja kriminalitetslitteraturen å spreida seg yver grensa og norske forfattarar vart inspirerte. Dei siste 30 åri er det påfallande å sjå korleis svenske og norske forfattarar vert utveksla yver landegrensone. Det ser ut til å vera nesten uinteressant um ein er norsk eller svensk når ein skriv kriminallitteratur av ein viss kvalitet. Det same gjeld til dels filmproduksjonen, men her er svenskane for det meste best både når det gjeld kvalitet og kvantitet.

Dei fleste nordmenn kann i dag taka inn tri svenske fjernsynskanalar. Det er open til-

Målmannen

Utgjevar:
Samorganet Målmannen

Tilskrift:
Målmannen
Njårds veg 10
2214 Kongsvinger

Bladstyarar:
Olav Torheim
olaveth@start.no
Tlf 62 81 43 95
Mobil 99 15 64 28

Netstad:
<http://maalmannen.sambandet.no>

Bladpengar kr 150,-

Bankgiro 2291 14 45666

Målmannen fylgjer redaktørplakaten!

gang til svensk tv via internett og lett tilgang til svensk film, og svenske bøker er meir tilgjengelege i Noreg enn norske i Sverige. Kjendisar i film- og fjernsynsverdi hev nær kontakt.

Derimot er det grunn til å undrast yver at dei meir djupe bokproduksjonane, vitenskaplege og faglege arbeidi og den grundige kunnskapen um kvarandre ikkje er like godt utbygt. Det norsk-svenske samarbeidet kann utan tvil vera ein styrkje. Frå høgnorsk synsstad er det grunn til å peika på at sambandet til Sverige bør vera ein vekkjar og ei påminning um at det løner seg å kunna nynorsk.

Nynorsk og svensk ordtilfang hev mykje sams, og når me hev brote sambandet med dansken, er det svensk som er millomsteget på vegen mot engelsk. Dersom svensken vert veikare, so kjem engelsken nærare og legg meir press på norsk språk. Dersom ein skal ut i verdi gjeng vegen anten via engelsk eller svensk. Det kann vera vel so viktig å få bøker ut på svensk som å krangla yver um dei skal vera på nynorsk eller bokmål. Det kann jamvel vera ein fyremun å få bøkene ut på nynorsk fyre dei vert umsette til svensk. Både klangen og ordtilfanget i språki er likare.

Når bandi millom dansk og bokmål ser ut til å ha slitna av, gjeld det å nytta dei kanalane me hev til store språksamfund og breide lesargrupper.

Deg vere ære, Händel!

Av Alex Kurbanov

For 250 år sidan, påskeaftan 1759, 74 år gamal, døydde Georg Friedrich Händel. Saman med sin jamnaldrande Johann Sebastian Bach var Händel ein av dei allerstørste representantane for den vesteuropeiske seinbarokken. Komponist, organist, cembalist, fiolinist, dirigent, han var fødd i den austtyske byen Halle på Saale, men hadde budd størsteparten av sitt liv i London. Händel hev komponert i alt meir enn 40 operaer, 23 oratorier, masse ymse verk for cembalo, orgel og andre instrument, kor og orkester, m.m. vesentleg store mengder kyrkjemusikk.

Slik skildrar den store franske forfattaren Romain Rolland siste livetidi åt den blinde og svært sjuke komponisten:

”...Han sköter ånyo orgeln vid de tolv oratoriekonserter han ger varje år vid påsktiden, och därmed fortsätter han till sin död. Men med synen har han förlorat den förnämsta källan till sin inspiration... Från 1752 till 1759 försjunker han alltmer i den dvala, som går före döden...”

”Den 6 april 1759 spelade han ännu orgeln vid ett uppförande av Messias. Krafterna sveko honom mitt i ett stycke. Han fattade sig emellertid åter och improviserade, säges det, med sin vanliga storslagenhet. Hemkommen lade han sig till sängs. Den 11 april fogade han en ny paragraf till sitt testamente, vari han bestämde om den storslagna gåvan av tusen pund sterling till Sällskapet för understöd åt fattiga musiker och helt lugnt uttryckte sin önskan att bli begravd i Westminster Abbey. Han sade:

”Jag skulle vilja dö på Långfredagen, i hoppet att få komma till min gode Gud, min milde Herre och Frälsare, på Hans Uppståndelses dag”.

”Hans önskan gick i uppfyllelse. Påskaftonen den 14 april, klockan åtta på morgonen, insomnade Messias` sångare i sin Gud”.

Denne gripande saga røyver meg kvar gong når eg spelar Händel sin mest kjende – tykkjer eg – melodi, som er den ålment kjende påskesalmen “Deg være ære”. Eg tillét meg å ta på meg frekk tanke på at det er dei fleste av oss som assosierar Händel sitt namn fyrst og fremst med denne salma – og med Påska.

Det høyrast kanskje litt paradoksalt ut at handlingar av Händel sine religiøse oratorier er henta frå Det Gamle Testamentet, der han trulegt kjende seg “i sitt rette element” - heilt i motsetnad til Bach som einast henta inspirasjon og kjeldor for ora-



toria, kyrkjekantatene og pasjonane sine frå Nytestamentet, - vel, den 19 år gamle Händel hev då komponert Johannes-Pasjonen i 1704...

Men korleis vart korfragmentet frå akt III i oratoriet Judas Maccabæus frå 1746 (som også kom seinare inn i oratoriet Josva) slik ein populær og kjær påksalme i Noreg? Diktet som me alle kjenner, er ikkje frå Händel si tid, langt ifrå, det er sopass “moderne”, frå 1947. Den opphavlege teksti til Händel sin librettist Thomas Morell byrjar slik:

See, the Conqu'ring Hero Comes, // Sound the Trumpets, Beat the Drums!

Han viser til den apokryfiske 1. Maccabæus-boki frå gamle testamenttidi. I rundt 1820 laga Johann Joachim Eschenburg (som nokre kjeldor tilskriv den mykje yngre samtidige Friedrich Heinrich Ranke) tysk advents- og jolesalmetekst *Tochter Zion, freue dich! // Jauchze, laut, Jerusalem!* - som framleis er bruka i den tyske lutherske kyrkja. Denne teksti fekk umsetjingar til svensk (*Dotter Zion, fröjd dig!*) av ein ukjend forfattar i slutten på 1880-talet og norsk (Zions datter, gled dig!) av Gustav Bøhn på ca. 1910-talet. Men i ca. 1760 enno, i so fall berre eitt år sidan Händel døydde, kom det ei onnor engelsk tekst, denne gongen med påskehått – *Christ the Lord Is Risen Today!* av Charles Wesley. 124 år seinare vart påsketemaet halda fram av den sveitsiske Edmond Louis Budry med hans tekst på fransk: *À Toi la gloire, O Ressuscité! // À Toi la victoire, pour l'éternité!* For det er denne teksti til Budry allereie på 1900-talet vart umsett til engelsk (*Thine Be / Is The Glory, risen, conqu'ring Son*, Richard B. Hoyle, 1923), norsk (*Deg være ære, Herre over dødens makt*, Arne Fjelberg, 1947) og svensk (*Gud tillhör äran*, Lars-Åke Lundberg og Anders Frostenson,

1977, *Ge Jesus äran, frälsta mänsklighet*, Bo Setterlind, 1978).

So kann ein konstatera det faktum at Händel sitt majestetiske tema frå Judas Maccabæus hev livd sitt eige “suverene” liv som salme i ei rad europeiske land – både som advents-, jole- og serleg påkesalme – i mest tvo og eit halvt hundradår. Det inspirerte Ludwig van Beethoven å komponera tolv brillante variasjonar for cello og klavér i 1796 og ikkje minst vår eigen Christian Cappelen - og han laga fantastiske *Postludium over et Thema af HÄNDELS "Judas Maccabæus"* i 1893.

Og endå eit hundreår etter kom Händel sin eigen marsj frå det same oratorium (som kjem der rett etter det namngjetne koret) på prent i den periodiske utgåva Permen i Cantando Musikkforlag, og slik



vart det eitt av dei faste pre- og postludia til gudstenestebruk til salme 187 i Norsk Salmebok.

Og til slutt lyt ein taka fyre seg tvo ting. I 1789 hadde W.A. Mozart gjort ein oppmodande ting – umarbeidd heile Händel sin Messias. Eit lite temaelement frå fyrste akt av dette oratoriet, som berre var ein nedgåande durtetrakord, hadde ei stund seinare kveikt Dr. Lowell Mason å adaptera og arrangera den, faktisk å komponera ein ny melodi på joleteksta til Isaac Watts – *Joy To The World*. I Noreg kjenner me den som *Gled deg, du jord, la mørket fly*. Og denne melodien som vart ein like kjend og kjær jolesalme, er tilskriven sjølve Händel, etter det Mason fortel! So hev ein i allfall fått seg bae “påske-Händel” og “jole-Händel”.

Kort sagt – Händel leivna denne verdi for 2,5 hundradår sidan, men den geniale musikken hans livde, liver og skal liva ævelegt. Deg vere æra, Händel yver dødens makt!

Tusen store takkar til min gode ven og organistkollega Lars Gjerde for nokre viktige opplysingar – og endå fleire

tankepunkt!

Kjeldor

Festmusikk for orgel. Hefte 6: Verker av Christian Cappelen. Cantando Musikkforlag, Stavanger 1999, s. 32 – 35.

Gjerde, Lars. Min salme // Menighetsbladet, nr. 1, 2008, s. 4.

Rolland, Romain. Händel: Bemyndigad översättning av Hugo Hultenberg. P.A. Nordstedt & Söners Forlag, Stockholm 1919, s. 118 – 119.

Syng i Flokk: Firstemmige sanger for blandet kor med biografiske notiser om

komponistene. Samlet og bearbejdet til bruk for lærerskoler, ungdomsskoler og sangforeninger av Gustav Bøhn. Norsk Musikforlag, Oslo u.å., s. 76 – 77.

Netkjeldor

International Music Score Library Project (IMSLP – www.imslp.org) – Händel, Beethoven

Wikipedia: Händel – Tochter Zion, freue dich – Tochter Zion, fröjda dig – Ge Jesus äran, frälsta mänlighet – Gud tillhör äran – Joy To The World.

Kristelegt-liberalistisk blick på velferdsstaten

Av Lars-Toralf Storstrand

«Velferdsstat» hev i aukande mun, sidan det fyrst vart sèt i praksis for kring 70 år sidan, vakse fram til å verta eit moteord utan side-stykkje. For å skyna fundamentet for velferdsstaten, ideologien bak honom, må me grava litt i saga, og då serskilt det landet som lengre enn nokon annan stat hev styrd unna tanken om at det er staten si oppgåva å drive sosial velferd: Amerika.

Det er ingen løyndom at berre eit fåtal av grunnlovsfedrane i det som idag heiter USA ikkje var kristne (millom mindretalet finn ein personar som Thomas Jefferson og Benjamin Franklin, desse stod for eit livssyn som vert kalla for deisme). Like fullt vart landet grunnlagt på bibelens prinsipp. Difor stend det fasttømra i Sjølvstendefråsegnen:

«Me held desse sanningane for å vera sjølvvinnlysande; at alle menneske er skapt likeverdige; at dei frå skaparen si side er utstyrt med visse rettar som ikkje kan åtakast: retten til liv, retten til fridom og retten til å søka si eiga lukke.»

Og på same måten som grunnlovsfedrane i USA skyna at rettar som «menneskerettane» kjem frå Gud og ikkje er noko som noko menneske hev søge av eige bryst, så skyna dei samstundes at riksmakti si fremste oppgåva er å tryggja desse rettane.

For i Amerika hev styresmaktene alltid halde seg til at det finst ei høgare makt enn staten, og at dette gjer at staten til sjuande og sist stend andsvarleg andsynes både Gud og einskildmennesket. Denne sannkjenningi kjem til synes i alle tre virkegreiner i staten:

1. Når presidenten avlegg eid, seier han: Må Gud stå meg bi (So help me God.)
2. Når kongressmenner og senatorar avlegg sin eid, seier det det same.
3. Når ein skal vitna i retten, avlegg ein eid på at ein med Guds hjelp skal seia «sanninga, heile sanninga og ingenting anna enn sanninga».

Endå um Noreg i 1814 fekk ei av dei mest avanserte grunnlovene som på det tidspunktet

fanst i verdi – med undantak av USA – hev staten dei seinaste tiåri systematisk arbeidd for å brjota ned og fjerna desse rettane frå einskildmennesket (so vel som frå grupper). Samstundes ser me at dei ti bodordi fær stødt mindre rom i det offentlege – og dei som vert presentert i kyrkje og skule – er ikkje identiske med Bibelen sine.

Det er her Noreg kunne havt noko å læra frå USA. For når staten tek Guds plass – og set staten yver enkeltmennesket – so opnar ein for innføring av «demokrati» i ordet si sanne tyding: kontroll over/med massane; altso at ein fåment elite styrer alle.

Meisteren sjølv, Jeshua/Jesus, seier:

«På frukta skal ein kjenna treet».

For dersom frukta er velferdsstaten, er treet statismen, som er kjernen i alle former for sosialisme, inklusive fascisme og nazisme. Og i staden for å vakta um dei verkelege, gudegjevne rettane, so gjev velferdsstaten seg til å definera alskens kunstige rettar, so som retten til arbeid og retten til universelle studnadsytningar av ymist slag.

Basert på at staten skal gjeva deg av fyrehandsdefinerte ytingar, på sine premissar, let folk seg lura over at dette er av det gode. Men sanningi er at når staten skal finansiera dette – må folket røyndet som stend i songen; «mot oss staten lover bøies, av skatter blir vi tynget ned».

Meisteren seier òg, annan stad:

«Får då sonen frigjort dykk, då vert de verkeleg frie».

Og den som verkeleg er fri i si sjel og si ånd, han vil òg ynska at andre får del i same fridom – men meir enn det – jamvel fridom på lekamelege premissar. Her er det liberalismen kjem inn som løysingi. Det er ikkje staten si oppgåva korkje å leika Gud eller vera Gud. Det er ei oppgåva som tilhøyrrer Gud åleine.

Det er tid for at me skaper eit nytt liberalistisk parti i Noreg. Til motvikt mot Vinstre sin falske kulturliberalisme. Vert du med?

Anders M. Andersen i Klassekampen

I samband med Klassekampen sitt 40-årsjubileum hev avisa portrettintervjua den fyrste redaktøren for avisa, Anders M. Andersen. Den trauste målmannen Andersen nyttar høvet til å kommentera målstoda i dag:

-Eg er med i Nynorsklaget, eit aktivt prosjekt i målpolitikk andsynes styresmaktene og i kulturtiltak når Noregs Mållag no er langt nede. Ein klikk tok over og nytta organisasjonen til eigne føremål. Nokre av desse blei seinare straffedømde for økonomisk kriminalitet. Noregs Mållag har ikkje teke noko oppgjær med det ut frå sjuke omsyn, og er difor lamma og demoralisert.

-Eg held fast på målreisingstanken! Er det noko eg trur på, så er det målreisingstanken. [...] Språkmeldinga frå regjeringa gjer feil når ho tek utgangspunkt i at bokmålet er det normale norske målet. Dette vil folk oppdaga att. [...] Målreisinga vil koma att.

Intervjuet stod på prent i avisa laurdag den 7. februar.

Elles so hev redaksjonen med undring lese i Aftenposten at byrådet i Oslo vurderar å umdøypa sentrum i byen til Kristiania (Aftenposten, 12.02.09). Er det gjeninnføring av dansketidi som stend på programmet, skal tru? Her må me berre minna um at Roger Lockertsen sitt konstruktive framlegg um å umdøypa Midtbyen i Trondheim til Nidaros diverre fall på steingrunn.

Rett nok so er faktisk Oslo sentrum den staden der Kristian 4. fastslo at byen skulde liggja etter bybrannen i 1624, medan det historiske Oslo ligg i gamlebyen. Men per i dag er det framleis avdanskning av Noreg som gjeld - ikkje redanskning! Lat oss fyrst få Trondheim umdøypd til Nidaros, Bergen umdøypd til Bjørgvin og høg-norsk legalisert til jamstelt skriftmål og talemål - so kann me etterpå diskutera um me her og der skal setja upp nokre historiske minnesmerke yver tidi då Noreg låg under framandt herredøme.

Dvergemalet

Då Sverige vart styrt frå Tyrkia

Av Lars Bjarne Marøy

*Kalabaliken i Bender
-Karl XII:s turkiska äventyr,
Peter From,
Historiska media, 2009,
200 sidor.*

Peter From er ein spanande forfattar. From hev skrive ei rad bøker um Karl XII. Den seinaste handlar um Karl XII og kalabaliken i Bender.

From hev fenge godt skotsmål frå historikarar som Peter Englund og Dick Harrison, og det er ingen liten heider, so eg hadde høge ventnader til honom då eg tok til å lesa boki.

Boki er lettleser og gjev oss eit godt bilete av kva det var som skjedde då Karl XII styrde Sverige frå Tyrkia. Karl XII møtte Peter den store i slaget ved Poltava som vart eit stort nederlag for svenskane. Det er her forteljningi til From startar. Han syner oss at svenskane no råka ut for ei forfylgjing frå russarane si sida som gjorde at kongen og heile den heren han hadde att laut flykta til dess at dei kunde koma seg yver til den tyrkiske sida av grensa.

Til lukka for svenskane makta nokre av dei å taka seg undan russarane og lura russarane med omsyn til kva veg dei tok. Det førde dei sistpå til byen Bender der dei vart verande i mange år. Tyrkarane tok godt imot svenskane i starten, og det vart halde mange rådleggingar um svenskane og tilhøvet til russarane som gjekk heilt til høgaste hald, sultanen i Istanbul.

Karl XII hadde heile tidi eit stort vandumål. Han måtte greida å taka seg fram gjennom Europa utan at han kom i konflikt med Russland eller andre europeiske makter. Han hadde berre millom 1000 og 2000 mann att etter slaget og flukti frå Poltava, og russarane låg på lur um han skulde taka seg undan Bender.

Dette var i åri frå 1710 og frametter. Den spanske arvefylgjekrigen hadde bylgja att og fram. Krigar med dansk-norske styrkar truga med å utsletta Sverige heimanfrå, der ein vanta soldatar og, som sagt, russarane var reiduge til nye åtak. Tyrkarane hadde brent mykje krut på felttoget mot Ungarn og var ikkje interesserte i å bjoda ut russarane eller andre europeiske stormakter utan god grunn.

Det beste prøvet på kor varsame tyrkarane var, ser ein i eit slag millom

tyrkarane og russarane der tsar Peter vart fullstendig innesperra med soldatane sine, medan ein solid skare av tyrkarar kringsette deim. Det hadde vore ei smal sak for tyrkarane å utsletta heile heren og taka tsaren til fange. Men det vart ikkje gjort. I staden vart det snøgt sett fram fredstingingar som gav russarane langt betre kår enn dei hadde drøymt um.

Mange gonger freista Karl XII å pressa tyrkarane med å segja at svenske styrkar frå Sverige vilde koma tyrkarane til hjelp um tyrkarane berre vilde hjelpa til i eit nytt oppgjer med russarane. Karl XII krangla med riksstyringi i Sverige gong på gong, og det var vanskeleg å få til ei sams forståing. Det var lite resursar att i Sverige, og riksstyringi forstod lite av dei utbjodingane Karl XII stod andsynes i Bender, soleis gjekk det lang tid fyre svenskane fekk stelt upp styrkar til å kriga med på kontinentet. Og då det fyrst lukkast, var det ikkje nokor stor krigslukka med desse styrkane.

Høgdepunktet i denne boki er når tyrkarane vil driva svenskane ut or landet. Etter mange år med hektiske og brysame diplomatiske forviklingar, vil tyrkarane tvinga svenskane til å fara frå Tyrkia. Då set Karl XII seg kraftig til motverje. Fleirtalet av dei svenske soldatane gjev upp å kriga mot tyrkarane som er i stort yvertal. Kongen derimot var ein tverrlynd, uredd og brutal krigsmann. Då tyrkarane kom, forskansa han seg i palasset sitt. Saman med lojalistane sine heldt han stand i lang tid fyre tyrkarane til slutt svidde av huset. Då vart

konga tvinga til å forlata det, og han vart fanga, men han møtte ikkje nokon låk lagnad.

Paschaen i Bender tok seg godt av han, trass i uppstanden. Det var tydelegt at tyrkarane trass i alt respekterte Karl XII som den krigsmannen han var. Til slutt vart Karl XII transportert vel heimatt til Sverige, der den store nordiske krigen heldt fram, og Karl XII møtte sin død i slaget ved Halden, som millom anna Anders Klakegg hev skildra ut frå ein norsk synsvinkel.

Boki gjev eit godt bilete av Karl XII og korleis han før fram i krigstilstand med den uredde haldningi si. Det er òg ei etter måten god plassering av hendingane her i høve til onnor europeisk saga. From er ein dugande formidlar som skjer undan alt som kann verka kompliserande.

Det er ingen tvil um at Sverige aldri vart det same etter Poltava-slaget og Karl XII's opphald i Tyrkia. Skattetrykket og forsyningsproblematikken tok knekken på den svenske stormakti. Då svenskane på nyo kom i krig med russarane um Finland i 1809, var dei vortne mykje veikare og ute or stand til å stella upp med noko tungt og reellt motstand. Hadde det ikkje vore for at Sverige fekk fjerna den stormannsgalne kongen i 1809 og til slutt fekk den militært kompetente Karl Johan på truna, hadde dei nok kome til å slita storlegt med å koma godt ut or napoleonskrigane.



Senter
mot
antisemittisme

NIS-info

Bladet for deg som:

- Vil vita meir um Israel og jødedomen
- Ynskjer meir kunnskap um assyrarar, koptarar, kurdarar og andre folkeslag som dagleg vert tynte av arabiske okkupantar
- Etterlyser meir sakleg og balansert informasjon um stoda i Midtausten
- Et Jaffa-appelsinar og Carmel-potetor med god appetitt og godt samvit!

Telefon:
21 94 00 00

Epost:
post@antisemittisme.no

Web:
www.antisemittisme.no

NIS-info vert fritt sendt til 20.000 husstandar. Friviljugt støtteabonnement kr 250. Kontakt oss på post@antisemittisme.no eller NIS-info, Øvre Ullern Terrasse 51, 0380 Oslo.

Spelet kring Tine og Ica

Av Kenneth Kiplesund

5. februar 2005 kunde VG nækja at meierisel-skapet Tine hadde gjeve matvarekjeda Ica tilbod om rabattar på i alt 16 millionar kronor, dersom Ica vilde slutta med å taka inn produkt frå Tine sin konkurrent, Synnøve Finden. Dette tilbodet vart lagt fram på eit tingsmøte om leveransane for 2005.

For dette tilbodet laut Tine tola sterk kritikk frå politikarar og forbrukarar. Frå politisk held vart det diskutert å kløyva upp Tine i tvo separate selskap. Salet av Tine-produkt gjekk sterkt attende. Serleg galdt dette mjølk. I staden skaut salet av mjølk frå tevlaren Q-meierii i vèret, og kaupmänner kringum i landet laut leggja inn duble tingingar på mjølk frå Q-meierii for å dekkja etterspurnaden. Konkurransetilsynet sette i gong ei gransking av Tine. Dei kopierte e-post frå datamaskinane til toppleidingi, og kversette dokument. Tine leigde jamvel inn Det norske Veritas til å granska kva som hende i tingingane mellom Tine og Ica.

Det heile enda med at konserndirektør Ingrid Strøm-Olsen og konsernsjef Jan Ove Holmen gjekk frå stillingane sine. Tine gjekk dessutan ut med ei pressemelding der dei sagde seg leide for at *"ICA utilsiktet ble dratt inn i en debatt som setter spørsmålstegn ved ICAs seriositet."* (<http://www.tine.no/forsidenyheter/37008/>). Sist vitja: Juni 2005)

Korleis handtera so Tine denne tillitskrisa? Det er dette eg skal freista gjeva ei vurdering av i denne artikkelen. Eg kjem til å leggja vinn på korleis selskapet takla krisa med omsyn til etikk og internkommunikasjon.

Kva er viktig med intern kommunikasjon?

"En viktig funksjon ved den interne kommunikasjonen er å bygge opp en kultur som avspeiler virksomhetens visjon og verdier, noe som bidrar til å motivere medarbeidere og styrke virksomhetens eksterne omdømme." (Erlien 2003: 39).

Den beste måten å driva intern kommunikasjon på, er å taka i bruk den tvovegs symmetriske informasjonsmodellen: *"Symmetrisk kommunikasjon skaper en mer effektiv organisasjon bygd på åpenhet, tillit og troverdighet i forholdet til strategiske medarbeidergrupper. Gode relasjoner til interne målgrupper skaper høy grad av jobbtillfredshet på organisasjonsnivå. Eller for å si det enkelt: Likeverdige dialog, åpenhet, tillit og troverdighet skaper motiverte medarbeidere"* (Erlien 2003: 53. Sjå dessutan Erlien 2003: 52). Slik fær ein fremja forståing millom organisasjonen og målgruppa. Organisasjonen kann leggja fram

sine framlegg og tilrådingar, men er open for innspel og framlegg frå målgruppa.

Tine si handtering av saki

I VG hevda Tine-sjef Jan Ove Holmen at det var Ica som hadde bede Tine arbeida fram eit dokument med yversyn yver kor store rabattar som kunde gjevast. Seinare hævda han dessutan at dokumentet var utarbeidd av ein tilsett lengre nede i meierilaget, og at det ikkje hadde vorte godkjent av leidingi.

Ica på si sida neitta blankt for at dei hadde bede Tine um eit sovore yversyn. Denne usemja tok so Tine og Ica med seg til TV-studio, der dei kivdest for ope kamera (Redaksjon 1, 7. februar).

Her ser ein for det fyrste at leidaren for organisasjonen plasserar andsvaret for den kritikkverdige hendingi nedetter i systemet. Å ganga ut slik fører til stor utryggleik innad i organisasjonen: *"Kven av oss kjem til å få skulda? Kven får sparken?"* Det *"(...) skaper livredde ansatte"* (Bjørn Richard Johansen i Burson-Marsteller. Nationen, 9. februar).

Det andre mistaket som vart gjort, var at ugredid vart sett ut i ålmenta i form av regelrett krangling, og ved at ein retta skuldinger mot ein andrepart. Slikt skapar ikkje ro internt. Etter denne debatten var det nok sume bønder som sat att med den tokken at ein av partane ikkje snakka sant. Leidingi i Tine fekk nok ikkje meir tillit hjå bøndene etter dette, tvert imot.

Dette sitatet av inforådgevar i PR-byrået Brynhildsen Woldsdal, Jan Erik Fåne, gjev ei greid oppsummering av korleis Tine handtera denne tillitskrisa i dagane rett etter at VG hadde nækt rabatt-utkastet:

"-Tine har håndtert krisen dårlig, de har gjort alle feilene i krisehåndteringsalmanakken. De skylder på andre og bagatelliserer. På få dager har selskapet lagt seg ut med alle; myndighetene, konkurrentene, forbrukerne, dagligvarebransjen og bøndene" (Nationen, 9. februar).

Når det gjeld Tine si handtering av interninformasjon i denne saki, lukkast det ikkje heilt i starten. Etter måten mange bønder gjekk ut i Nationen og kravde at Jan Ove Holmen måtte gå av:

"- Ja, han bør gå. Men det er en Tine-sak. Det er tydeligvis blitt en kultur i Tine der de gjør som de vil. Det er blitt så stor avstand mellom Tine og eieren, som er den norske bonden, at bonden knapt kjenner seg igjen. Hvis ikke Holmen skjønner dette, må vi finne noen andre som kan lede selskapet (...)" (Brita Skallerud, leidar i Akershus Bondelag,

Nationen, 7. februar).

Denne utsegnen kann tyda på at Tine ikkje hev vore hage nok til å kommunisera med eigarane sine. Her burde ein nok vore hage på å formidla bakgrunnen og grunngevingane for dei ulike avgjerdene, og satsa meir på å få innspel frå bøndene når dei skulde takast. Då kunde eventuelle vandslege avgjerder verta lettare å svelja um dei som vart råka sjølve fekk vera med på å avgjera. Ein gjer med andre ord bruk av den tvovegs symmetriske informasjonsmodellen. Slik fær ein ei ymse-sidig forståing millom organisasjonen (Tine) og målgruppa (bøndene).

Dersom Tine hadde vore kjappe med å informera bøndene som leverar mjølk til Lutlaget, attåt dei tilsette, hadde ein kannhenda sloppe slike offentlege "utblåsingar". Men det skal òg segjast at det fanst dei som mana til ro um saki, og som ikkje studde kravet um at Holmen skulde ganga frå stillingi si. Millom dei var leidaren i Noregs Bondelag, Bjarne Undheim.

Um lag ei vika etter nækjingi (10. februar) slapp konsernsjef Jan Ove Holmen og styreleidar Jostein Frøyland til i Bondebladet. Dette kann kallast ei slags internavis for Tine-eigarane (store luter av den norske bondestanden). Her fær Holmen og Frøyland fram Tine sin versjon. Dei segjer seg leide for at rabattnotatet i det heile vart utarbeidd:

"Holmen slår (...) fast at det burde ha ringt ei bjelle hos den/de som fikk en henvendelse som den som kom fra Ica. – Slike henvendelser skal ikke besvares. Hvorfor bjella ikke ringte, har jeg ingen formening om. Men den ringte ikke og det må Tine gå gjennom og rydde opp i internt. Det er nemlig helt i strid med hvordan vi skal arbeide. Våre selgere er selvsagt ansatt for å lykkes i markedet, men det skal skje på en ryddig måte. Ett er ryddighet i forhold konkurranselov, ny eller gammel. Et annet er at det er politisk helt uakseptabelt og umulig å sende fra oss slike oppsett som dette. Vi vil ikke være enerådende i markedet. Akkurat det har vi brukt mye tid på å formidle, både i konsernledelsen og i styret. (...) Han beklager at et notat som det omtalte er blitt utarbeidet, men slår fast at det ikke er en del av Tines policy og heller ikke uttrykk for en generell ukultur. (...) – Mandatet til forhandlerne er å få fram flest mulig av Tines produkter. (...) Men det ligger i etikken vår, som også skal være en del av mandatet, at vi betaler ikke for å bli kvitt en konkurrent. Det er langt fra Tines policy, sier Holmen. Han slår fast at denne saken må ikke tas til inntekt for at Tine ikke skulle ha kontroll

på sine kjedeforhandlere. - Det er gjort en bommert og en beklagelig vurderingseil. Det betyr ikke å være ute av kontroll, sier Holmen. Han presiserer imidlertid at han som konsernsjef selvsagt har hele ansvaret for det som er skjedd." (Bondebladet 10. februar)

Det er likt til at Tine ikkje hev vore hage nok til å kommunisera verdiane og det etiske huglaget sitt til dei medarbeidarane som er andsvarlege for tingingar med butikkjedene. Dei hev i alle fall ikkje vorte godt nok oppfatta av desse. Ein annan grunn kann kannhenda vera at seljarane ikkje hadde fenge med seg den nye konkurranselova. Men det høyrer med til ein god internkommunikasjon å halda medarbeidarane medvitne um kva lovverk som gjeld nett no.

Det vart då ogso avdekt av Veritas at dei juridiske og etiske råmone for kjedetingarane var for uklåre. "Veritas mener at svakhetene i salgsprosessen med dagligvarekjedene medførte en risiko for brudd på etiske eller juridiske rammer. Veritas mener videre at TINE burde ha identifisert, vurdert og håndtert disse risikoene." (<http://www.tine.no/forsidenyheter/38524/> Sist vitja: Juni 2005).

For å bøta på dette, vedtok Tine å styrkja skuleringi av dei tilsette når det galdt etik:

"Det skal utarbeides skriftlige etiske normer både for salgsprosessen og for alle ansatte i TINE."

(<http://www.tine.no/forsidenyheter/38524/> Sist vitja: Juni 2005). Tine medgav jamvel at dei ikkje hadde formalisera retningslinone sine godt nok. Dei kunde helder ikkje dokumentera skriftleg det dei hadde fenge fram gjenom tingingar med butikkjedene. Dette vart det no vedteke å retta på. Tine skipa dessutan ei ny sjefsstilling, som skulde hava andsvar for "virksomhets- og risikostyring i heile konsernet." (<http://www.tine.no/forsidenyheter/38524/> Sist vitja: Juni 2005)

I Bondebladet hev Tine si eigi sida der dei tek upp saker som dei vil informera um. Under vignetten for denne sida stend fylgjande opplysning um fyremålet med sida: "Hovedkanalen for kommunikasjon mellom Tine BA og eierne". (Bondebladet 24. februar). Redaktøransvaret for denne sida gjeng på umgang millom informasjonssjefane i meierilagi. Medan tillitskrisa gjekk fyre seg vart det publisera pressemeldingar og anna nytt frå Tine i denne spalta. Slik fekk eigarane fylgja med på saki frå Tine sin ståstad, og slik vart dei ikkje berre yverlatne til media si framstilling. Dimed kunde bøndene svara betre på spursmål frå sine nære umgjevnader um saki. Dei hadde argument å koma med. Med dette letta nok litt av trykket og sinnet

som mange av bøndene hadde kjent på. Slik fekk Tine roa litt av den uroi som herska internt.

Det at Tine til slutt valde å leggja seg flate, og taka på seg all skuld for oppstyret, vart teke godt i mot hjå toppane i bondeorganisasjonane. "- Etter en uke med full storm, satt de igjen med et svært uheldig forhold både til forbrukerne og den største kunden sin. Det er helt opplagt at Tine til slutt måtte legge seg flat, det kunne ikke ha fortsatt slik" (Bjarne Undheim, leidar for Noregs Bonde-lag. Nationen 14. februar). Dette utspelet frå Tine var vitugt. Ica er ein av dei største kundane til Tine, og Tine hadde ikkje tent på å ha eit vanskeleg tilhøve til denne daglegvarekjeda. Men dei burde ha medgjeve dette mykje tidlegare i prosessen. Då hadde dei sloppe undan mykje ufjelg merksemd.

Det var mange som ottast at det ikkje var nok at Jan Ove Holmen drog seg attende frå stillingi si. Dei meinte at dette åleine ikkje kom til å atterreisa tilliti til Tine og landbruket. Sume meinte at heile Tine-styret burde tilby å ganga av. Men her var meiningane kløyvde. Nokre meinte at dette var den beste leidarskapen Tine nokon gong hadde havt. Andre hadde ogso kritiske merknader for andre ting attåt handteringi av Ica-saka.

Det at Holmen gjekk, var nok fornuftig. Dels av di Tine trong å byggja upp ny tillit hjå det politiske miljøet, dels av di det som regel er naudsynt å ha ein "syndebukk". Det som hev skjett, lyt få konsekvensar for nokon. Men det er viktig å strika under at denne avgjerdsla var teki av Holmen sjølv. "- Dette har vært en vanskelig avgjørelse, men jeg er kommet til at den er nødvendig for å skape ro rundt Tine". (Holmen i ei pressemelding. <http://www.vg.no/pub/vgart.hbs?artid=26742> 8 Sist vitja: Juni 2005)

Uppsummering

Stutt oppsummera, kva kann me segja um Tine si handtering av denne tillitskrisa?

Jan Ove Holmen burde heilt frå starten av orsaka at rabattdokumentet vart lagt fram. Han burde ikkje freista leggja skuldi yver på Ica og/eller ein kjedetingingsmann. Som konsernsjef hev han det øvste ansvaret for at slikt ikkje skal skje. Han burde òg ha late vera å kivist med Ica sin målsmann på TV-debatten. Då orsakingi kom, var det litt i seinaste laget. Skaden hadde alt skjett og Tine hadde provosera styresmaktene, motteklarane, forbrukarane, daglegvarebransjen og bøndene.

For alt dette skapte berre uroi internt i Tine, både hjå tilsette og eigarar. Dei tilsette vart urolege yver kven av dei som kunde verta skulda for å standa attum notatet. Eigarane vart urolege av di dei ikkje visste heilt korleis

dei skulde forklåra denne saki andsynes kjende som stelte spursmål. Dette førde dessutan til at ein del av eigarane vart sinte, av di dei tykte at Tine hadde rota det til for dei. Det at Holmen krangla for ope kamera, var nok nok helder ikkje med på å styrkja tilliti til Tine, korkje hjå eigarane eller andre.

Tine burde ha gjenge ut med ein gong og sanna mistaket, og so eventuelt fenge fram detaljar i deira versjon av saka i etterkant. Slik hadde ein trulegt dempa noko av den verste stormen mot Lutlaget.

Når det gjeld den etiske dimensjonen, er det klårt at Tine ikkje hev fenge denne klårt nok fram til medarbeidarane sine. Dei hævda rett nok at dei hadde kontroll, men ein slik glepp som den som skjedde med rabattnotatet, skal ikkje skje. Den/dei som utarbeidde eit slikt notat, burde reagera på det. Det samsvarar ikkje med Tine sitt ynske um tevling å utarbeida soverne notat. Dersom notatet hadde vorte ein part av ei gild avtale millom Tine og Ica, hadde det nok vore i strid med den nye konkurranselovi med. Det at Tine vedtok å leggja større vinn på etiske retningslinor og opplæring i desse, var eit klokt val. Slik kann dei tilsette verta tryggare på kva dei hev å halda seg til i det daglege.

Kjelder

- Barstad, Haakon (2005): - Tine hadde ikke noe valg, Nationen 14. februar (side 4-5)
- Bjørheim, Camilla (2005): - Tines omdømme er kraftig svekket, Nationen 9. februar (side 6-7)
- Bjørheim, Camilla (2005): Q-meieriene må doble produksjonen, Nationen 10. februar (side 4-5)
- Engeland, Sveinung (2005): Holmens avgang er ikke nok, Nationen 21. februar (side 6-7)
- Erlien, Bente (2003): Intern kommunikasjon Oslo: Universitetsforlaget
- Gulltvedt, Bård (2005): Tine tilbød Ica 16 mill., www.vg.no/pub/vgart.hbs?artid=265550 Sist vitja: Juni 2005.
- Gulltvedt, Bård (2005): Bekrefter Ica-tilbud, www.vg.no/pub/vgart.hbs?artid=265552 Sist vitja: Juni 2005.
- Gudbrandsen, Margrethe (2005): TINE-sida, Bondebladet, 24. februar (side 19)
- Hornvedt, Anders (2005): Krever at Tine-sjefen må gå, Nationen, 7. februar (side 6-7)
- Huseby, Pernille (2005): Tine vinner tid, Nationen, 9. februar (side 7)
- Hæhre, Julie (2005): Tine-sjefen trekker seg, <http://www.vg.no/pub/vgart.hbs?artid=26742> 8 Sist vitja: Juni 2005.
- Karlsen, Ola (2005): Tilsynet sjekker Tines pc-er Nationen, 11. februar (side 6)

Sjøvik, Aud Klingen (2005): - Forespørselen fra Ica skulle ikke vært besvart Bondebladet, 10. februar (side 5).

Sjøvik, Aud Klingen (2005): Tine trong ikkje skifta leining no Bondebladet 24. februar (Sidetal utilgjengeleg).

Tine (2005): TINE-sida, Bondebladet 17. februar (Sidetal utilgjengeleg).

Tine (2005): Veritas skal undersøke salgsrutinene i Tine, www.tine.no/pressemeldinger/36966/ Sist vitja: Juni 2005.

Tine (2005): Flere mangler i Tines salgsprosess, <http://www.tine.no/forsidenyheter/38524/> Sist vitja: Juni 2005.

Tine (2005): Ledelsen i Tine og Ica har besluttet å bilegge konflikten, <http://www.tine.no/forsidenyheter/37008/> Sist vitja: Juni 2005.

Betalt og betaling - og framgangsvegir for norsk målreising

Av Thoralf Bergwitz

Som *målmann* – so reknar eg meg til deim som hev det hugmålet å gjera noko med den målstoda som nordmennene – det norske folket - er komi i – på grunn av den makti som innvandarfolkjet frå Danmark og Tyskland fekk – etter at dei tok yver styringi i landet vårt – frå fjortan hundradtalet og frametter.

Me veit at dette innvandarfolkjet – som millom anna - gjennom inngifte til det norske kongehuset og ymse andre hus – og gjennom annektering av norsk jord – fekk stor magt i landet – og fekk snart styring med nær sagt alt som vart skrivi og sagt her i landet. Og etter som denni tilburden er vorten grunnfest so grundigt som me i dag er vitne til, so kann det tykkjast rådlaut å demje opp for denne megtige kulturovringen som me enno opplever – og – med denne yvermagti - hev me – på ei vis - teki til oss - som um han er vår eigen ekte nedervde kulturarv.

Me kjenner likevel til - at det hev livt menneski som hev visst at eit talemål hev funnist her i landet - òg – soleis som sume andre land og folkegrupper – hev funni attende til sine rotekte tungemål. Me veit òg at dette gamle norske talemålet hev sitt grunnlag i eit skrivtmål som vart nytta tidlegare. Me veit òg – at dette gamle skriftmålet – var eit velutvikla kultursmål – på høgd med det kulturmålet som enno i dag hev sin posisjon uavstytt – det er latin! Me veit òg at det hev funnist menneski som hev arbeidt med å finne fram att - til eit skriftmål som skulde vera – og er lukkast med å vera - i samsvar med både det eksisterande talemålet og det gamle skriftmålet.

Det er ikkje heilt ukjendt for sume andre folkegrupper heller – at det kunde vera ein vèl verd måte å vinna att til sitt eiggi nasjonalmål på - det å finne attende til seg sjølv – sitt eiggi opphav sin eigen rotekte – og jamvel livs levande nasjonalkultur – som me faktisk enno hev - i rikesleg mun i dei ymse målføri i landet vårt. Eg kjenner til – etter sjølvstudium – at det engelske folket – er eit av fleire språksamfunn – som hev havt mange og harde bataljar for å vinna att til sitt eiggi tungemål – etter at megtige okkupantar freista

å føre inn sitt okkupasjonsmål.

Me kann hændast av slike hugmål på ymis vis. Mykje hænding – og sterke maktmiddel er vorti tekne i bruk for å døyve, og å knuse den oppreisten som ”konservative” målmenn hev freista med å få livsrom for vårt eiggi verdfulle nedervde tungemål. Den mest effektive måten å gjera ein ende på slike freistnader med å reise eit nasjonalmål på, er å gjera det låtteleg og hevde at det er til fányttes, eller til dømes - ved å leggje til den tenkte motmannen andre meiningar og andre eigenskapar og andre haldningar - enn han sjølv i røyndi hev. Det hev vori – nærast ein sport – gjennom lang tid – heilt frå Ivar Aasen fann fram til dette skriftmålet - som - i system, setningsbyggnad og ordval samsvarar med både det gamle norske skriftmålet - i mangt og mykje – og dessutan – på same vis – samsvarar med livande norske målføri. Det er gjort mange freistnader med å låtteleggja den freistnaden på å vinne att denne nasjonalkulturen – som vart yverkøyrd og hermetisert – d.e. konservert – lagd burt - av våre innvandarar (okkupantar) og deira norske tenarar (for ikkje å segja – deira lakeiar) av underdanige hjelparar – og som enno hev fast hand i heile hegemoniet i utgjeving av bøker og andre media av ymse slag – av alle tenkjelege slags media – der praktisk talt det ørende litle som kjem ut på høgnorsk, vert tagd burt av dei som styrer den megtige medieflaumen – som du ikkje slepp undan.

Det er soleis ikkje nokor nyovring det me ser av innleggi frå mannen med det velklingande heilnorske namnet – Bjarte Runderheim – i innlegg til eit lite blad – som faktisk hev som fyriløge – med si utgjeving – å bygge opp under det hugmålet – å freiste vinne att det som enno finst att av norskdom i både tale- og skriftmål – her i landet. Det må difor reknast som eit paradoks – at ei hænding – med odiøst innhald – so som m.a. – ”for meg vert det som å skuva kolsyra ned att i ei brusflaske som er øpna - for å hindra drivhusgassen i å øyda miljøet.” Runderheim legg til kva han sjølv meiner med det han segjer – som um det ikkje skulde vera tydelegt nok med det han alt hev sagt (sic transit gloria mundi!). Han seg-

jer: ”det vilde vera både dumt og til fányttes.”

Denne kraftsalven sender han imot ein som han hev utsét seg som sin meiningsmotstandar – eller helst ein som hev sagt noko som han tykkjer er so ravgali som det er mogleg å finne! Han hentar ut noko som han ser for seg at eg skal ha meint – eller trudd - med noko eg hev sagt i tvo tidlegare innlegg. Etter det han segjer – som grunnlag for denne (”grausame”) salven – er at (eg) Bergwitz – ikkje skil millom språket si form og språket sitt innhald”. Dertil kjem ei rettleidig – ei djuptgripande innføring i kva ordet ”konservativ form krev” – tydeleg av den som er stokk stein konservativ – som han tillegg meg å vera.

No er me komne fram til det som er det sterkaste ankemålet mot slike som han tillegg meg å vera! Det å vera konservativ - er for alle modernistar (les målblandarar eller – med eit anna ord ”samnorskingar” som – på ingjen måte er samnorskingar, men målblandingsidéologar) – det er å vera Høgnorskmann. Honom kastar Bjarte Runderheim seg på – og hev fengji det fyri seg at eg er prototypen på den super konservative målmannen – ein som gjeng i retning av – nett det å vera stokk stein forstokka – det vil segja ein som er urikkande med si gamalvorne og avlegse haldning – sin ”forelda” ideologi – ”arkaisk” òg!

Med berre dette litle avsnittet – freistar du Bjarte Runderheim - å gjera meg til eit menneskje som er nærast forkvakla. Denni eigenskapen hev du - Bjarte Runderheim - funne fram til - av mine utsegnir i tvo tidlegare innlegg! Eller er det i sume av mine andre innlegg i Målmannen – eller andre blad – at du hev funni denne eigenskapen som du kann karakterisere meg med - som eit undermåls menneskje?

Lat meg då fyrst avvise sjølve utgangspunktet ditt!

”Konservere”, det tyder m.a. å leggje ned noko hermetisk. Det er det motsette av det som me høgnorskfolkjet hev som hugmål. Me ynskjer å taka kulturarven vår - ut or den konserverte stoda som okkupantane frå fjortan hundradtalet og lakeiane deira - upp til

dags dato - hev gjort med den verkelege nasjonale kulturarven vårt . Desse magt-menneski konserverte det norske tungemålet – og sette i gang med å nytte sitt dansk-tyske skrift- og talemål – i alle regjeringskontor og kyrkjur i landet! Dei som konserverte – og lagde burt – det norske målet – det var innvandrarfolket – dei som tok styringi av landet vårt – dei er(var) konserverarar – dei var (er) – dei røynelege konservative!

Det var i den tidi – då Ivar Aasen hadde henta fram – ut or sitt konserverte tilstand – med sitt vitskaplege arbeid – og tok til å nytte dette nyuppdagade norske tungemålet – (nyuppdagade var det sjølvsagt ikkje – for talemålet hadde me havt heile tidi – det var som skriftmål det vart funni att – som eit systemfast skriftmål) - det var etter at Landsmålet var komi bruk i norske skular – at okkupantane – dei som hadde det danske “rigssproget” som sin kulturarv – tok til å ottast at deira danske kultur i det okkuperte Noreg skulde miste sin posisjon her i landet – at dei tok til å samle seg for ikkje å misse hegemoniet sitt. Det var ikring 1890 at den dansk-skrivande Bjørnstjerne Bjørnson tok til å tala um Riksmålet- dvs. det danske rigssproget. Dette var eit steg (vidare) på vegjen med å namnsetje det danske sproget med merkjelappen NORSKT. Dei som hadde styringi med riksmøtet på Eidsvoll i 1814 – dei danske embetsmennene og dei militære - pluss nokre prestar – som òg var tenarar for det danske kongehuset – dei kravde i fyrehavingane med den svenske styremagti (i 1814) – at me måtte (endeleg) få lov til å halde på “vårt eigi” skriftsprog! Bjørnstjerne Bjørnson vart – paradoksalt nok – med sitt danske skriftmål – rekna for å vera nasjonaldiktaren vår! Og etter di me framleides heidrar han med “vår nasjonalsong” skriven på dansk – so er han framleides rekna for å vera NASJONALDIKTAREN vår!(sic!)

Riksmålsforbundet vart skipa i 1910 – og kven andre enn “nasjonalhovdingen” vår – Bjørnstjerne Bjørnson – var den fyrste formannen for dette kjempesterke danske laget.

Er det mogleg – i dag – å tenkje seg til kva fyreløga åt dette laget skulde vera?

Me kann undrast på um dette laget – dette forbundet – hadde vori skipa – dersom Landsmålet ikkje hadde komi fram – som troll or øskje?

Det var – og er – eit lag – som hev som fyremål - å hindre at me – som nordmenn – (skulde) skal - få fram eit skriftmål som er vårt eigi – i ætt og opphav! (sic!)

So fekk me då – den leide – og kvasse målstriden – med både mediesproget og teatersproget. Med fysisk vald og – ikkje minst – med hæding – på ymis vis – mot det

rotnorske målet – som hadde teki til å breide seg i både blad og bøker! Her måtte alle klutar setjast inn! Og mange klutar hadde dei megtige Noregsdanskane. Dei hadde vori vitne til at det danske rigssproget hadde fengji nemningen NOREGSDANSK (norskdansk)! So det var ikkje grensur for den framgangjen for (fienden) – det norske tungemålet - heldt på å få! So vann dei fram med å få burt det leide og krenkjande danske-namnet på skriftsproget sitt – orsak – skriftspråket – som Nasjonaldiktaren hadde trylla fram – ved å hente ein svensk bokstav (å) , og ein (norsk?) (k) i staden for den kav danske g-en. Dette er språkalkymi på sitt verste! – Ja, so vann dei fram – i 1929 – ved at dei fekk atter eit nytt namn på det danske skriftmålet – frå no av skulde det heite – BOKMÅL og landsmålet fekk nemningen Nynorsk! Det Skjemmande “danske” var – med dette - utradert – og det “gamle” hadde fengje vedhengjet “ny” – og soleis ufårlegjogd! Og dessutan - frå no av – vart det ikkje berre BOKMÅL og Nynorsk – men det vart NORSK og NYNORSK – som no er den vanlege ordlegging i norske skular i dag!

Kven vil verta “pådytta” - “og tvinga til å bruke” – som det heitte – “eit heilt nytt” skriftspråk!?

Denne skræmingspropagandaen var å sjå i ei rekkje bokmålsorgan – i lange tidir.

Som um dette ikkje var nok til å radere ut norskdomen i tungemålet vårt – so skulde me få ende på den “leide” språkstriden – ved ei ny lov! I 1938 vart det gjort eit stor-tingsvedtak – som skulde “sveise” desse tvo språki saman til EITT mål – vel å merkje – til eit framtidsmål – som ingjen kunde vita korleis det vart sjåande ut – men namnet det skulde vera samnorsk! Ja – eit nytt “norskt”skriftmål som skulde komponerast – og vera ei blanding av norsk og eit framandmål - og dette blandingsmålet - vart vedteki å heite SAMNORSK! Det var truleg ikkje noko underleg for deg – Bjarte Runderheim – med namnet SAMNORSK på dette målet?

No var det at *Den trojanske hesten* gjorde sitt unntog i sjølve målfylkingen! Og frå no av vart målfylkingen – fyrst mykje meir mangmennt – med tilskot av politisk fengde menneskje – menneski som var fanga av det STORE – som skulde avlive den leide målstriden - og dertil vart målfylkingen skild i ein “moderat og ”ei ”radikal” gruppe. På same viset vart riksmålsgruppa skild.

Det var dei moderate i riksmålsgruppa som i røyndi sette namn på bae gruppene – både nynorskgruppa og bokmålsgruppa. Dei moderate i bokmålsgruppa – dei stod for minst mogleg innblanding av “norvagismar” i deira (riks)mål) – dei vilde (vil) konservere

det danske sproget inne i det danske målet i Noreg – dei var difor konservative – og skjemdest ikkje av det! Dei var like kjepphøge - dei - som våre nye innvandrarar er - når dei krev å få bera det muslimske symbolet “hijab” til politiuiformi si – so difor vart dei i nynorskgruppa som vilde hava ingji – eller minst mogleg innfiltrering av dansk inn i landsmålet – dei vart kalla “moderate” og “konservative”. Den gruppa som stod for innblanding av målet - på kvar side – vart kalla “radikale” - og – framfor alt – MODERNE ! Ikkje minst MODERNE – var eit ord som fengde som propagandaord!

Desse nemningane tykkjest – i alle høvi i ettertid – å vera sløgt utpønska av dei som sokna til det store fleirtalet av dei som var fengde av saki. I riksmålslægret var det danske målet so solid grunnfest, at modernistane - “samnorskgruppa” i bokmålsflokkjen – fekk liten eller ingjen innverknad. på bokmålet. Men samnorskgruppa – melde seg inn i Noregs Mållag – og soleis vart det eit stort fleirtal av folk med målblandingsbakgrunn i Noregs Mållag. På det viset – so vart dei som hadde styringi i Noregs Mållag – fyri 1938 – og hadde sendt sterke motsegnir til styremagti um framleggjet til mål-blanding - i mindretal på årsmøti i Noregs Mållag - etter okkupasjonstidi – og eit nytt “modernistisk” målblandingstrugi styre vart etablert i Noregs Mållag. Difor hev Noregs Mållag – sidan den tid – vori styrt av menneski som er trufaste til mål-blandingslina i målpolitikken.

Dei som fekk klint på seg nemningen “konservativ” Dei vart vart utskjelte – som - bakstrævande – og skuldi for at det var dei som øydela for utbreiding av nynorsk som skulemål og – i det heile – gjorde stor skade for nynorsk som tungemål!

Desse nemningane var(er) – i røyndi – meiningslause, men dei var godt eigna til propagandistiske fyremål.

Reint ålgjengt er det slik at det er dei som ynskjer å halde på – taka vare på – det tilvendte – her bokmålet – som er moderate og konservative – og dei som vil brjote tvert med det tilvendte – som er radikale. Det er òg dei som kjem med noko nytt – og difor er dei dei røynelege moderne! For det nye er Landsmålet – og det gamle – det er det som lengje hev vori i bruk – det danske bokmålet!

Det vil segja – at det er dei – i nynorskgruppa - som vil taka vare på – halde på – ikkje skilje seg sterkt ut frå det tilvende – frå det tilvendte innvandrarmålet – det dominerande bokmålet – ved å blande det tilvendte bokmålet – ofte meiningslaust inkonsekvent – inn i nynorsk mål - det er dei som – i røyndi – er konserverande – og difor er det

dei som er dei verkelege konservative!

Dette – ikkje minst – fordi – dette målblandarfolkjet – dei er dei verste motstandarane av å taka i bruk dei ”gamle” – dei hermetiserte ord og segjemåtane – dei er dei sterkaste motstandarane av dei tradisjonelle formene i det norske målet. Desse formene – dei tradisjonelt norske formene av målet – dei vil målblandingsfolkjet radere ut – desse formene skal HERMETISERAST! – dei skal KONSERVERAST – FOR ALL TID! Difor er det denne gruppa av målfylkingen – som – med rette – kann kallast KONSERVATIVE!

Kva du – Bjarte Runderheim - og mange med deg - meiner er konservativt – det er ikkje gjeldande for tyding av ordet . Ordet konservere og konservativt - er – til alt hell – henta inn frå eit tungemål – som ikkje ein gong DU - Bjarte Runderheim kann brigde på!

So attende til utgangspunktet ditt, Bjarte Runderheim.

Med utsegn di, so må du meine at eg ikkje skynar ”språket sitt innhald”! Du segjer, med andre ord, at eg ikkje skynar kva som til vanleg er meint når nokon segjer: ”han fikk betalt” ! Du segjer – med dette – at eg ikkje skynar at meiningi med det vedkomande vil ha fram – er at - han fekk betaling! Med dette - meiner du - at du hev lagt fram prov på - - at eg er ein som ikkje skynar kva det heile dreier seg um – eg er m.a. ord - ikkje tilrekneleg!

Ut frå denne fatale misfaring – so byggjer du upp ei rad påstandar um at alt det eg skriv – med utgangspunkt i utsegn ”fikk betalt” med tydingen fekk betaling – er ”både dumt og til fånytted! Eg fær her hug til å herme nokre ord frå ein kjend russisk tenkjar og forfattar – Fjodor M. Dostojevskij – som segjer at ”[v]il du redusere eit menneskje til inkje – so skal du berre setje unyttestempel det arbeidet han gjerer”.

Eg skal likevel svare deg på noko av det du elles skriv.

Du meiner tydelegvis at ordet ”mulighet” og ”sjanse” slær båe vegir – og at dette er det normale - og alltid hev vori det normale - og at dette er noko som bør vera det normgjevande!

Det er so at me høgnorskfolk – me ynsker å halde fram med å strida for eit tungemål - slik eit tungemål bør vera – ein reidskap for tankjen – og helst ein god reidskap til sitt bruk. Me vil helst ikkje at talen – eller det skrivne ord – skal dane grunnlag for mistydingar. Me ynsker ei eintydig målføring – me ynsker ikkje ei tvtydig målføring.

Me minnest visseleg han som skreiv: *Drep ham, ikke vent til jeg kommer!* medan meiningi var: *Drep ham ikke, vent til jeg kom-*

mer!

Her var det berre eit lite komma som skilde millom liv og daude.

Me høgnorskinger hev som hugmål å få fram eit tungemål som er eintydigt og fylgjerett - slik at det vert minst mogleg mistydingar. Eit ord - so som betale er eit ord som me helst ikkje vil nytte oss av – for me hev andre (og norske) ord som dekkjer meiningi – so mi påpeiking umfattar ikkje nynorsken. Det var berre eit utvalt døme på kor usystematisk nordmenn i Noreg nyttar målet sitt – til vanleg! Betale, betalte, betalt – er gjerningsord som høyrer saman – og det er det motsette av å taka imot betaling! Det å laga ein segjemåte som bryt med ein slik fyljerett regel – det er å laga villeding med sjølve målet!

At det er mangt elles – i den vanlege målføring - som lagar vildring – det gjev ikkje heimstadrett i eit – eintydigt og fylgjerett tungemål!

Eg tek fram eit døme: Når den vanlege tyding av ordet mulighet – ligg i ordlagjet ”Australia er mulighetenes land”, so er det underlegt å høyre ei utsegn som - *det er mulighet(er) for at flere mennesker mister livet (dør) i trafikken i år – eller i krigen som pågår!* I eit fylgjerett tungemål – so tyder den siste utsegn – at me ynsker at fleire medmenneski skal umkoma i trafikken (eller i krigen). Den siste utsegn er soleis ei grotesk ordlegging! Me bør ikkje nytte oss av utsegnir som kann tydast soleis!

I engelsktalande og i fransktalande land – hev det – heilt upp til dags dato – vori vanleg å oppfatte ordet chance som noko me ynsker skal hende - (hell og lukke - ja). Men me ser stendigt fleire døme på at ord som jamen og neimen – som hev innebygd i seg – det eine positivt – og det hitt negativt – so vert desse ordi – ofte – av nordmenn - nytta i motsette tydingar – dvs. diametralt motsette tyding av det som ordet hev innebygd i seg.

Som du òg ser Bjarte Runderheim – so ”endrar språket seg med brukarane og ikkje med ønskemåla til konservatorane” - som alto er ”bergwitzane”!? Men – i det same andedragjet kjem det fram at du ynsker ”normerande institusjonar” eller i minsto – ”bruken av slike”! Samstundes som du nær sagt rasar yver ein (meg) som nett tek seg på tak å rettleide mot ei einaste av dei mange meiningsløysur som hev trengt seg inn i den vanleg brukte ortografien her i landet!

For å svare på dine døme med ”betalt”

Du hentar fram: ”huset er betalt”, so må vel det tyde at eg skal ha sagt at det er ei utsegn som er meiningslaus!? I alle høvi skal du – med denne utsegn – syne at det er mitt pås-

tand um bruk av ordet ”betalt” som er meiningslaus – m.a.o. er ei villfaring! Med dette dømet må du i alle fall meine noko – og ditt fyremål med innleggi dine er nett å syne at eg er på ville vegir med mine innlegg!

I og med at du dreg denne utsegn fram i innleggi dine, og nyttar det som motargument til det eg skal ha sagt, so er du heilt på jordet! Det er ikkje sjølve ordet ”betalt” som eg hev påpeika at det er noko gali med! Det er bruken av ordet – betalt - i visse samanhengar – som eg hev peika på - som ”meiningslaus” – i røyndi – som misvisande – etter den funksjonen som språket skal hava.

So kjem du med ordlagjet ”Byggmeisteren fekk godt betalt for huset” – og meiner med dette dømet – i alle fall – å ha teki meg med bukka nede.

Men byter du ut eigenskapsordet ”godt” med eit anna ord – som t.d. ”jammenn”, so hev du ei utsegn som like fort kann tyde det motsette av det som er meint med ditt døme! Og nyttar me ordet ”betale” – som er det same ordet som ”betalt” – so er me heilt trygge på at det som her er sagt, er det motsette av det som du ynsker å segja! ”Byggmeisteren fekk betalt for huset” må - språkleg sett – tyde det same som ”Byggmeisteren fekk betale for huset”.

Og set me inn ordet ”dyrt” som er komi – med full styrkje inn i språket, so fær me: ”byggmeisteren fekk betale dyrt for huset” – og ”betalt” – er framleides fortid av å ”betale” – so den språklege tyding av utsegn, er – at det er byggmeisteren som betalar dyrt - for huset – medan utsegn er meint slik at det er byggmeisteren som fær betaling for huset.

Eg kann freiste å segja det endå tydelegare: Dersom eg segjer: ”no må eg sjå til å få betalt gjeldi mi”, so er det ingjen tvil um kva eg ynsker å gjera?! Og når so gjeldi er betalt, so kann eg segja: ”no fekk eg betalt gjeldi mi”, eller - ”no hev eg betala gjeldi mi - det gjorde eg i banken!”. Ikkje eit uppegangande menneskje er i tvil um kva som er gjort - ikkje ein gong Bjarte Runderheim!?

Dvs.: ordlagjet – ”fikk betalt” – tyder – å betale – ikkje – å få betaling! Dette gjeld – utan umsyn til kva den einskilde meiner med det han segjer.

Me høyrer likevel - ofte - mange vaksne menneski - segjer t.d.: ”kann jeg være så snild å få noen ...?” Me må – med den målføring som du meiner er den rette – undre

Sank ein tingar til
Målmannen!

- språkpolitisk ukorrekt sidan 2002 -

på um du tek òg ei slik ordlegging i forsvar?

Det å framleske segjemåtar som er eigna til å mistydast – er ingi god målrøkt. Dette segjer du deg heilt samd i. For – når det kjem til stykkjet – so er du – etter di eigi utsegn å døme – ikkje heilt samd med deg sjølv i eitt og alt av det du skriv! - Du saknar eikor slags form for normering, segjer du! Det vil med andre ord segja – at me – i røyndi – ikkje er so usamde som du freistar å få det til å sjå ut som. Og når du – endå so krasst du gjeng til åtak på meg (som menneskje) for mine påpeikingar av ordleggingar som eg syner til som meiningslause – eller vill-leidande - so - i røyndi – tykkjer du det er ”*lite trøystesamt å sjå at språket vert tillate å utvikla seg på denne måten*”.

Du tykkjer ”*det er lite trøystesamt å sjå at språket vårt vert tillate å utvikla seg på denne måten, gjennom stendige misforståingar og vankunne og tilfelle(?)*.” ”*Vi hadde hatt god bruk for ei nemnd som den Islendingane har.*” Franskmenne har, britane har – og jamvel tsjekkarane har av tilfang – og svenskanane har sitt ”Akademien”.

Og so kjem det heilt til slutt – ei oppmoding – til høgnorskfolket – um ”å taka

hand i handke med nokre av desse språkvan-skane”. Du veit synbernt ikkje – at det òg finst eit akademi for det norske målet her i landet. Det er ikkje uvanleg å møte nordmenn som hev tileigna seg meir um utanlandsk kunnskap enn um det som norsk er. Du tykkjest – ikkje ein gong – å ha registrert at bladet Målmannen er eit slikt organ – som freistar å taka ”hand i hanke” som du ordlegg deg.

Det er elles ikkje so lite sjølvmotsegjing i det du gode Bjarte Runderheim segjer i dine innlegg. So fort du ser eit innlegg som freistar å taka ”hand i hanke”, so sprett du upp – og legg i veg med å refse språkrettaren i harde og ikkje minst krenkjande ordelag, so det reint gnistrar av pennen din. Medan du – i røyndi hev i deg noko som tyder på at du – meir enn gjerne – såg at me hadde folk til å gjera det som du rakkar ned på – dvs. du refsar deim som freistar å tilfredsstille slike ynskjemål som du etterlyser - som um dei var reine vandalistar av språket! Og endå ein gong må du gjeva eit spark til dei ”museale” haldningane – og dei må verta litt breidare i skrevet, um ein skal ha von um å få til noko som helst – ”*utover det å vera nokre få kon-*

serverande konservatorar med angst for store ordbøker”.

Ja – det var desse konserverande konserveratorane då! Kven er – i røyndi – desse konserverande konservatorane? Er det dei som vil taka arvegodset ut or den hermetiserte stóda det hev havt i mange hundradår – taka det ut til nytte og hugnad - eller er det dei som vil halde arvegodset hermetisert – dvs. konservert – i endå nokre hundradår – eller for godt? Kven andre er det – enn riksmålsforbundet og dei sokalla samnorskingane – dei som ikkje ynskjer – ikkje tóler - å sjå dei tradisjonelle ordlagi som t.d. ”*me hev fengi soli*” dvs. dei som må segja og skrive: ”vi har fått sola” som er dei konservative?

I alle høvi – du hev synt at du hev utruleg mykje energi til å taka ordet til eit ordskifte! Det kann tenkjast at denne energien kunde nyttast til noko betre enn å skikanere og krenkje honom eller henne - som freistar å gjera noko med det som du – i røyndi - tykkjer det er meining med - og som det er ynskjeleg å gjera noko med!

Og med det set me strek for dette ordskiftet.
Red.

Donars Groll gjeng mot straumen

Av Lars Moe

Vikingrockebandet Donars Groll frå Sachsen kom i desember i fjor ut med fullengdaren ”Gegen den Strom”. På plata finn ein 12 melodiar, tri med engelsk tekst og resten på tysk. Tekstmaterialet handlar i hovudsak um nordisk mytologi og patriotisme. Og tittelsporet handlar som namnet skulde segja um å vera seg sjølv og våga ganga mot straumen.

Ljodbilætet er typisk svensk, vokalisten syng med god god og klår røyst og god, og resten av bandet gjev god studnad med umkvedi. Elles so er lette gitarsoloar med på

å skapa den rette atmosfæren.

Mine personlege favorittar er ”See the valkyrie”, som handlar um korleis det er å verta henta på slagmarki av valkyriene etter å ha falle i kamp, og ”Wir bleiben frei” – der bandet gjer det klårt at dei køyrer sin eigen agenda, utan omsyn til politisk korrekte hippiar eller folk som ynskjer å gjera tvilsam politikk ut or musikken deira.

Som det n`te bandet i rekkja hev jamvel Donars Groll gjort ein coverversjon av ”Ravens” med Ultima Thule (Heilt OK, men

originalen er framleis best). Det er elles ingen dårlege melodiar med på plata, men det må nok segjast at plata i lengdi kann verka ein smule einsformig med di mange av melodiane er sydde yver same lest.

Smakebitar frå ”Gegen den Strom” finn på Myspace-sida deira, <http://myspace.com/donarsgroll>, og plata deira kann kaupast frå www.vikingarock.se/shop.



**NYNORSK
ANTIKVARIAT**
www.nynorskantikvariat.no



Nynorsk Antikvariat AS

Hulgata 11

4900 Tvedestrand

Telefon 37 16 66 66

E-post: tinging@nynorskantikvariat.no

Antikvariatsbokhandlar

Arne-Ivar Kjerland

E-post: [Arne-Ivar.Kjerland@](mailto:Arne-Ivar.Kjerland@nynorskantikvariat.no)

nynorskantikvariat.no

Mobil: 928 29 098

Kva gagnar språket um me avhendar alt det andre?

Av Norvald Aasen

I Målmannen nr.1/ 2009 merkar eg meg tvo innlegg som tydeleg er på den politisk korrekte lina i samfundsdebatten. Det er forsvar av islamiseringi av Europa og Noreg, ja, av heile den masseinnvandringi som me ser i dag, og dessutan bruk av uttrykk som "høgrekstremer" og kritikk av "...det å gje god omtale av Myrdal og det grumset han stod for", som eine innsendaren ordlegg seg. Dette er ord og haldningar som er som tekne ut or statsmakti og deira valdelege gatepøblar si ordbok.

Det kunde vera kjekt å vita kva desse mosketilhengjarane trur at Europa hadde vore um islam hadde fenge fotfeste og yvertaket i vår heimslut, slik dei ved mange høve hev prøvt å skaffa seg?

Når me ser på kva utviklingssteg den den muslimske verdi stend demokratisk, rettsstatleg, økonomisk og teknologisk, og på andre vis, er det tragisk å sjå at so mange her hjå oss svermar for dette muslimske samfundssystemet.

So når Hallgeir Dale steller spursmål ved kvifor muslimane ikkje skal få byggja moske i Köln, so kunde eit greidt svar vera at slike grunnar finn ein mange av um ein les delar av Koranen. No kann det hævda at me òg hev drive misjonsverksemd ute i verdi. Rett nok so hev me det, men det å senda ut nokre misjonærar med den kristne bodskapen, og det å driva misjonering gjenom storstelte folkevandringer, er tvo vidt ulike framgangsmåtar.

Det er etter det eg meiner rangt å snakka um eit moderat islam, og at dette lyt me godtaka. Dei sokalla moderate dreg òg sin millomalderreligion med seg hit. Dette er meiningi med at dei skal etablera seg her. Islams mål er verdsherredøme, og det er inkje berre tala um ein religion, men likso mykje eit politisk system. Koranen er rettesnor på alle umkverve i livet for ein muslim.

Når ein so kjem til Vesten og hævda seg forfylgd under eit grufullt islamsk samfunnssystem, då er det rimeleg merkeleg at dei skal draga det same samfundssystemet med seg hit, og etablera det her, her dei hævda at dei må vernast mot å liva under islamsk styresett. Jamvel um det finst noko sokalla moderat islam, so dreg det med seg dei ekstreme element. Det skulde me ha fenge røynsla for!

Høgrekstremlar er ei gruppa som H. Dale finn liten hugnad i. Greidt nok

det! Me fær vona at vinstreekstremistar, som t.d. Raude brigadar og Baader/Meinhof fell lettare i smak hjå skribenten. Ogso dette med høgrekstremer er forma av dei som kan nytta godt av det. I den politisk korrekte språkbruken er høgrekstremer knytt til nazisme. Dette meiner eg ikkje er rett!

Nazismen var eit sosialistisk politisk system, nasjonal-sosialismen, som var i nær skyldskap med den internasjonale sosialismen, also kommunismen.

Difor er det ikkje rett å setja nazismen på den politiske høgresida, nazismen var sosialistisk og høyrer difor med rette til på den politiske venstresida – saman med vinstreekstemistane! Gratulerar, de som skulde kjenna dykk æra av den grunn!

"Grumset" og Myrdal?

Det hev ogso vore på mote å nemna alle som hev uttrykt seg kritisk til vår tids masseinnvandring for grums, rasistar, nazistar og mykje anna som dei politisk korrekte hev kunna gulpa upp på tunga. Eg bed Dale merka seg at dei som tok upp tanken um FMI, som dei fyrste åri vart leidd av Arne Myrdal, var krigsveteranar og krigsinvalidar frå 2. heimskrigen. Det er soleis ingen kvensomhelst Hallgeir Dale finn å kunna stemple som grums. Men kanskje dette er den vanlege språkbruken frå slike som ser det gromme i dei som i millomkrigstidi øydela forsvaret, for so å stikka seg vekk til trygg stad då landet vart herteke. I sine trygge omgjevnadar kunde dei so sitja og feita seg upp til dess at dei skulde attende til heimlandet og syna seg fram for folket som heltar.

Det var slike som dei Dale kallar for "grums" som gjorde det mogelegt for dei sjølvutnemnde "heltane" å koma attende på signingsferd. I millomtida hadde dei øydelagd den gjevaste militærmannen som Noreg hadde, General Fleischer. Han kom aldri heim att, men det gjorde dei som hadde øydelagd både honom og landet si forsvarevna.

Når me so er inne på det sokalla "grumset" som umgav Myrdal, so er eg ein av deim, eg hev ikkje mykje godt å segja um statsmakti og vinstreekstemisten/ane som saman lagde slagplanen um komplottet mot Myrdal og FMI. Dette komplottet kann ein lesa um i boki om Myrdalsakene.

Statsmakti skulde gjera sitt beste for å

knusa dei som hævda ei kritisk røyst mot den nasjonalt øydande framandinnvandringi. Og her er eg framme ved det som eg ser er sjølvmotsegjande frå desse politisk korrekte moskebyggjarane som hævda å ha slik omsut for språket vårt.

Korleis heng det saman at me skal gjeva vekk landet vårt, kulturen, religionen, våre sertrekk og det som gjev oss identitet som folk, som nordmenn, men det gamle språket skal me taka vare på? Skulde ikkje alt dette vere same sak?

På nyhende i dag, den 13.03.09 vart det framhalde at um 20 år so kom Oslo til å ha 400 000 fleire innbyggjarar. Dette er ikkje nordmenn, men innvandrarar som for det meste kjem frå dei yverfolka u-landi. Dette var berre Oslo, men same utviklingi kjem me til å ha yver heile landet vårt.

Ei soveri utvikling kjem so visst til å ha innverknad på vår identitet og eksistens som eit fritt folk i vårt eige heimland. Trur nokon at det vil vere til stor hjelp for oss nordmenn um me under slike tilhøve gjeng og mumlar på vårt gamle språk? Endå um språket er ein viktig part av identiteten til eit folk er det meiningsløst å tru at me kann yverliva som folk berre med hjelp av språket.

Grunnlovi sin § 1 fortel alle og kvar at den masseinnvandringi som gjeng fyre seg i vår tid er i strid med denne lovi: Kongeriket Noreg er eit fritt, sjølvstendig, udeleleg og uavhendeleg rike. Det vil segja at den avhendingi av fedrelandet som dei politisk korrekte globalistane i denne tidi stend attum er ulovleg. Straffi for slike handlingar mot fedrelandet stend å lesa i § 83 i Straffelovi. Her gjeng det fram at med fengsel frå 8 år til 21 år vert han straffa som medverkar til at landet kjem under framandt herredøme eller vert innlemma i annan stat.

Dette vil etter det eg skynar segja at um me hadde politiske styresmakter som verna om Grunnlova, og som hadde landet og folket sitt beste i tankane, so hadde dei ikkje gjeve løyve til den masseinnvandringi som me no hev råka ut for. Og um me hadde ein rettstat, so hadde dei som arbeider for masseinvasjonen av framande vorte stelde rettsleg til andsvar, m.a. i medhald av § 83 i Straffelova.

Multikultur i praksis

Etter at Målmannen i nummer 5 08 sette fokus på innvandring og islam, hev bladstyret vore i samband med mange menneske frå det multikulturelle Noreg som ynskjer å fortelja si historie. Frå ei ung Oslo-gjenta fær me høyra fylgjande vitnemål:

“Eg er sjølv fødd og oppvaksi i Oslo (3. generasjon Oslo-borgar), men vurderar faktisk å fara frå byen fyre eg eventuelt skipar familie. Denne byen er ikke lenger sunn for nokon å veksa upp i. Eg hev gjenge saman med pakistanarar sidan barneskulen, og alt då skyna eg at dette er fårlege folk. Eg hev sjølv fenge kjenna mykje vald frå deim på ungdomsskulen. På vidaregåande var det ein norsk gut i klassen under meg som vart yverfallen av ein svær gjeng pakistanarar, knivstikken i ryggen og nesten kasta ned på t-banestrikkene. Etter å ha jobba ein del i butikk hev eg òg møtt på mange afrikanarar og 'stanarar som forsurar kvardagen og som er rett ut skumle. Jamvel um det skal det segjast at eg òg hev vore burti eit par som kann te seg og som er hyggjelege, so er majoriteten ein gjeng med brutale og valdelege machogutar.

Det er synd at det skal vera slik. Eg vonar at det vert gjort noko drastisk snart som kann betra stoda.”

Op det neste vitnemålet hev me fenge frå ei åleinemor i Groruddalen:

”På skulen som ungane mine gjeng på stig talet på innvandrarar med ca 1 % pr. år. Eller, det er visst ikkje heilt rett, for det vert ikkje lagt fram slik, men "med ein annan etnisk bakgrunn" og frå eit anna land, der Sverige osb vert bruka som døme... Eg veit ikkje um ein

svenske på den skulen eg. Då sonen min byrja i 2001 var det nokre og førti prosent, no er det um lag 54. Legg på 10 år, og kva hev me då? Jau, Lakkegata eller Tøyen skole... [...] Skulane på vestkanten, er dei slik? Niks. Greidt for politikarar og eliten i Oslo å segja at "me" må vera tolerante, når dei sjølve slepp å råka ut for rasismen åt desse grupperingane til dagleg. Eg skal rota fram eit grovt trugsmål eg fekk på min mobil etter å ha snakka til ein gjeng frå Marokko (viste det seg) som dreiv med skadeverk rett utanfor mitt husvære ...Eg klaska meldingi ut på Facebook-sida til SOS Rasisme, men der kalla dei hine debattantane det for ungdomsproblem...Ein augneblink so skal eg sjå um eg hev henne enno. Der fann eg henne, ja:

DITT BARN SKAL BLI KIDNAPPET OG PULT EN DAG PÅ SKOLEVEIEN HJEM. din pedofile jævel. du skal angre der det sårer mest. husk slottsfjellet. kjenner mange i fos og pne. marokko ruler din rasist. Mvh [Namn fjerna].

Sovorne trugsmål haglar det av her. Desse ungane trur dei er gangstarar, og er so forbanna macho og tøffe, vert nok fine vaksne, trur du ikkje?...Men for all del, det er vel vår feil det òg :-/

Eg gjekk til politiet med kvart, var der tri gonger fyre eg råka opningstidi. Etterforska litt sjølv og fann ut kven det var, so eg ringde til foreldri. [...] Gangstarane no for tidi er korkje modige eller kunnskapsrike, dei ana sikkert ikke at TLF automatisk slengjer på "Mvh" og namnet åt han som er logga inn etter meldingi, hehe! Det var då ei smal sak å

finna ut at det berre var ein familie med dette namnet her i traktene.

Då eg snakka med politiet, rista dei opprødde på hovudet og sa: *Det er utruleg kva de i kann få seg til å segja...*

Eg fekk òg greida på at dette var ein svært kjend familie i territoriet. Mori til nokre av desse gutane fekk eg ikkje noko serleg ut av, ho verka nokso nervøs og "skyna" ikkje norsk... [...] Eg hev ikkje høyrte eit pip etterpå, men det vart då mest krig her. Eg lagde ut meldingi på sida mi, og fekk diverse tilbod um å hjelpe til :-). Sonen min vart redd for represaliar på skulen, og han likar ikkje at eg held på med mine protestar, skriverseri og innblandingar, han er livredd at nokon skal tru at eg er rasist, det er det verste som kann skje her.... Innvandrane frå desse landi kjem ikkje ein og ein eller tvo og tvo, dei kjem aldri under 8-10 personar når dei skal ta nokre.

Dei er feige og hev ikkje røyvt på seg i høve til oss sidan, må vita. Dei vil skræma, og mange vert då sikkert redde. Eg vert ikkje redd, og eg tek alltid att. Det burde alle gjera, so hadde det vorte kort prosess med slike problem i allefall. [...]

Eg lurar på kvifor alle pushar slik på denne fleirkulturelle greida? Greidt at me skal respektera at me er ulike osb, men kvifor må alle koma hit, og kvifor er det vorte slik at det er rasistisk å segja at ein likar landet sitt, norsk kultur, norsk mat, gamal norsk saga, norrøn mytologi osv...Dette er heilt mystisk! Eg kann lika andre ting òg, men altså ikkje dette som er vår kulturarv og saga.”

Smakebitar frå svensk krim på fjernsyn og DVD

Av Lars Bjarne Marøy

Svensk krimlitteratur er definitivt svært produktiv og i vokster. Meir og meir krim vert produsert for film og fjernsynsseriar. I utgangspunktet tenkte nok mange på Jan Guillou når dei tenkte på svensk krim. Guillou hev skriva mykje, men vel mest krim av storpolitisk karakter. Helten Hamilton er ein slags elitesoldat som operar i ei rad land, og han jobbar i forsvaret og ikkje det allminnelige politiet.

Den neste dei fleste vil tenkja på er nok Henning Mankell. Mankell hev vorte legendarisk med Ystaddetektiven, Kurt Wallander. Wallander er i utgangspunktet ein feit livsnyttar som ikkje bryr seg med korkje utsjånad eller personleg framferd. Han kann nok taka seg ut som ein skikkeleg mannssjåvinist.

Det er slik den klassiske Wallander arta seg i dei fyrste bøkene fram til 2000-talet og

sameleis i filmene med Rolf Lassgård som skodespelaren bak Wallander. Men so skifter Wallander karakter i filmene som hev kome dei siste åri. Han hev vorte tunnare og meir uppteken av helsa. Det interessante med dei siste filmene er at dei hev vorte tekne upp yver relativt kort tid og med dei same skodespelarane. Dessutan hev ein nytta ulike manusforfattarar. Det hev skapa stor breidd i framstillingi, samstundes med at ein må segja at filmskaparane hev vore trugne mot den originale Wallander. Mankell vilde at Wallander skulde vera eit naturleg menneske med ei vanleg utvikling slik som andre levande karakterar.

Talismanen

Fjernsynsserien Talismanen var eit samarbeid millom Mankell og Gullieu. Det interes-

sante med serien er korleis Mankell og serleg Guillou brukar seg sjølv som ein del av handlingi. Serleg Guillou leikar seg med stereotypar frå eigne forfatterskap. Mankell brukar Wallander som ein del av persongalleriet.

I Talismanen fær me ei interessant og spanande forteljing um ein arabisk amulett som hev vorte yverført gjennom historia og til slutt hev hama i Sverige. Ei gamal dama hentar amuletten i ein bankboks. Deg gjeng ikkje lang tid fyre ho vert myrda og Talismanen startar ei vandring frå person til person i eit kriminelt miljø. Som ein parallellhandling gjeng ein politimann laus på ein mann han skal arrestera. Mannen vert sparka på utilbørleg måte med tvo vitne til stades. Politimannen vert til slutt tiltala for politivald, og han mister jobben og vert fengsla. Under fengslingi møter han mannen til dama

som henta Talismanen i bankboksen. Han vil ha tilbake Talismanen og tilbyd eks. politimannen pengar for å finna Talismanen. Når politimannen kjem ut fær han store problem. Det stabile familielivet hans bryt saman, kona vil skiljast og flytta til Arvika, medan dotteri vil vera att i Stockholm. Kona reiser til Arvika. Huset må seljast og hovudpersonen må få seg ein jobb. Han tek kontakt med mannen frå fengselet og tilbyd seg å finna Talismanen mot å få ein stad å bu og pengar til leitarbeidet. Det fær han og no startar eit intens leitarbeid.

Talismanen hev ein tendens til å vandra omkring i det kriminelle miljøet alt etter som nokon døyr. Det heile startar med at hovudpersonen ser Talismanen på eit foto i ein kriminalreportasje, samstundes møter han Guillou og Mankell på ein utestad. Guillou fær sjå Talismanen og sjekker verdien med eit stort auksjonsfirma i London. Dei stadfester at Talismanen hev svært stor verdi. Den er nærmast uvurderleg.

Guillou og hovudpersonen vert so gode vener at seinare i serien fær til og med dotteri til hovudpersonen lov til å bu hjå Gullieu. Og Guillou er ikkje snaud når det gjeld å nytta dette høve til å segja kva han meiner um politivald. Ein kann vel òg tolka ei av dei mest kostelege scenone i fjernsynsserien som ein glødande kritikk av medias grafing i privatlivet til kjendisar. Guillou, hovudpersonen og dotteri sit i stova til Guillou, då dei oppdagar at ein gjeng personar i terrorist og militærklede samlar seg utanfor huset til Guillou.

Guillou tenkjer spontant det same som dei fleste av oss vilde gjera i ein slik situasjon at her må det vera nokon som hev reagert på noko han hev skriva. Guillou hentar fram det han hev av skytevåpen og gjeng ut på i døroppningi der avfyrrer han tvo skot mot terroristgjengen. Då skoti er avfyrrt. Hyler ein mann i ein megafon: Det er TV4 dolda kameraen. Guillou bryt heilt saman deå han skynar at hev skote tvo fjernsynsstatistar.

Etter eit mediakøyr kring denne saki konkluderar politiet med at Guillou handla i naudverge og ikkje kann segjast å ha gjort noko anna enn det som var naturleg sjølvforsvar i ein slik situasjon. Situasjonen var registrert slik at den skulde verka ekte av fjernsynsselskapet, og selskapet må bera eit tungt ansvar for at det gjekk gale. Leidaren for serien dolda kameraen vert skulda for å utsett statistane sine for ein livsfarleg situasjon og kjem negativt ut. Kritikken av media er yvertydeleg.

Guillou reiser langt burt på ferie, men fyre han fer rekk han å senda manuset til ein fjernsynsserie um Talismanen til Mankell.

Mankell vert derimot rana og manuset kjem på avvegar.

Medan alt dette skjer er hovudpersonen gong på gong nær ved å oppdaga kvar Talismanen er. Han vert driven frå stad til stad, og utnyttar kjenskapen til politiarbeid på sitt beste. Til slutt kjem hovudpersone under ver med at Talismanen hev kome til ein antikvitetshandlar i Stockholm. Då han skal henta Talismanen ein morgon er den just selt til ein mann 5 minuttar fyre. Då grip oppdragsgjevaren inn og vil banka opp antikvitetshandlaren for å få vita kven som kjøpte Talismanen. Det endar med at politimannen vil hjelpa antikvitetshandlaren, i basketaket som uppstår døyr oppdragsgjevaren. Politimannen vågar ikkje å venta på politiet og antikvitetshandlaren lovar å segja at han ikkje hev vore der og at det heile var ei ulukka.

Politimannen hev no fenge eit husvære som han yvertok av Talismanoppdragsgjevaren og han hev dotteri si i Stockholm. Han byrjar å køyra drosje og til gløyma heile Talismanen. Men ein dag då han køyrer drosje kjem det ei dama inn i drosjen med Talismanen kring halsen. Ho arbeider i tv4 som hev fenge manuset til Talismanerien tilsett etter at ein mann fann det burtkomne manuset i ein park. Hovudpersonen riv Talismanen av henne og saman med dotteri si kastar han den i sjøen frå ei bru. Manuset til fjernsynsserien gjeng rett i boset.

Dette er absolutt ein spanande serie med mykje god underhaldning, jamvel um skiljet millom fiksjon og røyndom vert utfordra gjennom at forfatarane vert blanda inn i serien. Ein må vel segja at dette gjer dei til litt vel tydelege talerøyr for egne oppfatningar. Guillou er til dømes ikkje snaud i kritikken sin av politiet og av politivald, og helten hans er ekspolitimannen som hev vore ærleg og sagt at han sparka ein som skulde arresterast på ein utilbørleg måte.

Men slikt kann desse prominente krimforfatarane tillata seg i eit politisk korrekt land som Sverige, der dei er godt kjende og svært umtykte av mange.

Helene Tursten med krim frå Göteborg

Helene Tursten er frå Göteborg og hev skapa seg eit univers kring Irene Huss som er politibent og hev vore europameister i Ju jutsu. Bøkene til Tursten hev vorte filma frå 2007 og framyver. Irene Huss er 38 år og hev tvo gjentor i framslengsalderen. Huss er ein dugande etterforskar og er i fleire høve den leidande i etterforskargruppa si.

Tema som vert tekne opp er satanisme, eit sidetema, seksuelt misbruk av born, prostitusjon, sadisme, utruskap, barnløysa og lik-

nande. Alle desse temai kann vera inngangspunkt for utøving av kriminalitet og i verste fall mord.

Glasdevelen

I Glasdevelen kjem Huss og kollegaene hennar til ein prestegard der presten, kona hans og sonen i huset er avretta etter alle kunstens reglar. Ein kann trygt segja at dei hev vorte massakrerte. Det viser seg at etterforskarane fær tri spor for det fyrste arbeide presten med å avsløra ei gruppa satanistar, dinest vert det peika på at det er ei syster som bur i Stockholm som på ein eller annan måte kann vera knytt opp til saki og for det tredje hev ein eit spor i høve til at familien var engasjert i eit barnarbeid i Afrika via Redd barna.

Huss vert sterkt involvert i saki gjennom at ho reiser til Stockholm og snakkar med systeri i familien og ein arbeidskollega av henne. Dessutan forfylgjer Huss nokre satanistar. Det endar med at ho vert yvermanna av satanistane som dumpar henne langs ei jarnvegslina og skriv på henne med tusj. Dei hev skriva inn ei epostadressa på henne.

Huss viser seg fleksibel av di ho kjem fram til at det må vera ei tilknytning til saki gjennom born. Ho finn ut at systeri i Sverige hev arbeidt med eit oppdrag for Redd borni. Det gjekk ut på å identifisera ein gjeng pedofile på internett. Ho samarbeidde med ein arbeidskollega som òg viste seg å vera sambuar med henne.

Det er mange fargerike personar og mange avsporingar i filmen. Millom anna arbeider det ei dama på kyrkjekontoret som er organist. Ho driv med magi, og det heile verkar rart når ein tenkjer på at ho arbeider i ei kyrkja, og når ein tek med i reknestykkjet at presten var på jakt etter satanistar. Men det heile viser seg å vera eit dautt spor.

Det same er satanistsporet. Mennene i satanistmiljøet skal til å ofra ein sau då Huss kjem yver deim og vert yvermanna. Det viser at filmen hev evna til å skifta miljø på ein nokso eklatant måte. Til slutt endar det nemleg opp med eit kontorlokale i Stockholm. Her er det at systeri driv sitt firma saman med sambuaren sin. Innimillom hev me vore innum huset til magidama. Det ligg midt ute i skogen og hev ein skræmmande effekt med daudningehovud og liknande.

Elles fær me her som i dei andre filmene skildringar av heimemiljøet til Huss. Ho bur saman med mannen som er kokk og dei tvo borni som er i framslengsari. I denne filmen drep familiehunden katten til grannen. Familien hev vore galen på katten i fleire år av di katten hev gjenge laus og inn og ut av hagen deira. Gjentone kallar katten for ekkelkatten. Huss vert rasande då ho høyrer at grannen hev løpt etter den eine gjenta med kost. Denne grannetvisten vert ein merkeleg roleg konflikt samanlikna med dramatikken i etterforskingi. Villaområdet som Huss bur i er påfallande idyl-

B



ISSN-1503-2469

lisk og avbalansert i høve til dei miljøi me elles møter i filmen.

Motivet viser seg å vera seksuelt misbruk. Systeri hev avslørd identitetane til kring 50 pedofile gjennom å infiltrera ein pornoring på internett, men dei tvo siste viser seg å vera faren og sonen i familien. Dei mishandla dama då ho var liti og hev lagt ut film av mishandlingi for dei andre i pornoringen. Dette fær dama til å brjota saman, og ho vert lagt inn på psykiatrisk klinikk. Det viser seg at sambuaren er drapsmannen, og bakgrunn for mordet er hemn for yvergrepi mot gjenta. Atter ein gong hev ein gjerningsmann teki lovi i eigne hender.

Moralen må vel soleis vera at ein må lata politiet greida upp i slike saker og ikkje taka seg til rette med personleg hemn. Dama angrar beiskt på at ho fortalde sambuaren um mishandlingi, men det er for seint. Då Irene Huss finn dei tvo saman greider ho å hindra sambuaren i å taka livet av dama, men ho kann ikkje hindra at mannen skyt seg.

Tanghesten

I Tanghesten møter me nye tema som utpressing, utruskap og barnløysa. Ein mann kjem brakande ned frå altanen sin og landar på taket av ein drosje. Kona hans sit i drosjen, for ho hev kome heim frå ei reis. Det vert snart slege fast at det dreier seg um eit mord og etterforskingi tek til. Fyrst snakkar ein med sonen og sambuaren hans. Både sonen og sambuaren forklarar at dei hev alibi. Sambuaren hev vore på filming - ho er modell - og hev vore saman med fotografen og andre modellar heile tidi då mordet bar til. Sonen fortel at han hev vore på ein auksjon. Han er kunst- og antikvitetshandler og samlar millom anna på kinesiske Tanghestar.

Kona til den døde fortel at tilhøvet millom son og far hev vore dårleg etter at sonen kom heim frå militæret. I forsvaret vart sonen sterkt sjuk, og då han kom tilbake viste det seg at han ikkje lenger vilde yvertaka farens forretningar. Det såg faren på som veikskap og tilhøvet vart aldri det same som fyrr.

Uppe i det heile møter me ein gjeng torpedoar. Ein kriminell, Bobo, hev kontorlokale i

same oppgang som den drepne og yver gata bur den kriminelle saman med sin homofile sambuar. Den kriminelle vert teken inn til avhøyr, men vert sloppen fri att. Målet er å fylgja etter han og finna ut kven han kontaktar. Men då Irene Huss og kollegaen Fredrik tek seg fram til det skuret der Bobo møter tvo torpedoar, vert dei yvermanna av torpedoane og hardt skadde.

Fyre kjeltringane fær gjort seg reiduge med Huss og Fredrik kjem politiforsterkingar. Torpedoane fer av avgarde og Bobo sender inn ein granat i skuret Heldigvis greider Huss å kasta granaten ut fyre det skjer ein eksplosjon inne i skuret. Dette er andre gongen det smell i denne filmen. Tidlegare hev kontoret til den myrda vorte sprengt i fillebitar, den gongen gjekk det menneskeliv, men no slepp Huss og Fredrik med eit sjukehusopphald.

Torpedoane er etter sonen til drapsofferet, og han lurar seg fleire gonger undan deim. Fasaden til drapsofferet er ikkje vanskeleg å trengja attum. Han var millom anna glad i damor og var utrogen mot kona si ei rad gonger. Kona på si sida hadde òg ein elsker. Det som derimot er verre er å finna ut kva dei kriminelle gjer i kringværet attum familien. Inntil Bobo er død, og politiet ikkje hev vore heime hjå det homofile paret, er det vanskeleg å finna samanhengen. Men då viser det seg at det framleis stend eit kamera i vindauga til den kriminelle.

Det fører Huss på sporet av kva som kann ha hendt. Det viser seg at sonen til drapsofferet hev vorte steril av kusma då han var i forsvaret. Han var soleis ute av stand til å få born då han kom tilbake. Likevel hev sambuaren hans vorte gravid. Huss finn ved hjelp av eit kverrsett bilete ut at sambuaren til sonen hev vore heime hjå faren og at ho hev havt eit tilhøve til faren. Alibiet til Henrik ryk då det viser seg at han ikkje treng å ha vore på kunstauksjonen heile dagen. Auksjonen starta tidleg på dagen og slutta seint. Det interessante er at Henrik ikkje bydde på ein Tang-hest. Han hev Sverikes beste samling av Tanghestar og let vera å by på ein som var auksjonert burt. Det rimer seg dårleg og alibiet hans ryk.

Dette opnar for at Henrik kann ha eit motiv for å drepa faren. No vert Huss og Fredrik sette

til å plukka inn Henrik, men Henrik bur på ei øy langt undan Gøteborg sentrum, og dei må med ferje for å koma fram. I millomtida hev torpedoane funne fram til Henrik. Dei mishandlar han på det grovaste. Då Fredrik og Huss kjem fram og må taka seg inn i huset fyre dei fær forsterkingar, hev dei si fulle hyre med å stogga og yvermanna torpedoane.

Det viser seg at det hev vorte drive utpressing mot Henrik og at Henrik hev drepe både faren og Bobo.

Miljøet er framleis knytt til Gøteborg sentrum, men me fær òg kjennskap til ei av øyane kring Gøteborg. Det er eit rikmannsmiljø me fær innsyn i. Takhusværet til drapsofferet er på kring 200 kvadratmeter og med alle fasilitetar. Huset til Henrik og Charlotte er òg svært stort og flott. På den andre sida møter me torpedoane som likar å skræma folk. Dei trugar Irene og døtrene hennar og stend for noko heilt anna enn luksusen og velværet i livet til familien Von Kneckt.

Personane er interessante å fylgja. Henrik er den personen som spelar mest og som me fær eit nytt inntrykk av fyrst til slutt. Mori stend fyrst fram som sint og relativt lite sympatisk, men sympatien veks etterkvart som me skynar at ho vart sviken av mannen sin og at det gjekk inn på henne at sonen vart sjuk. Me kann jamvel forstå at ho hev skaffa seg ein elsker. Charlotte verkar som ein kynisk, men stabil person. Det kjem som eit sjokk på henne at Henrik hev drepe faren. Ho let likevel ikkje til å ha nokor god forklåring på kvifor ho hadde ein relasjon til faren til sambuaren. Det er definitivt ikkje noko sympatisk drag.

Utruskap og barnløysa er vanskelege saker å slå seg til ro med, men Henrik stend for noko ekstremt. Kunstsamlingi som gjev livet hans meining fær han ikkje til å stogga upp. Det er tydeleg at det at faren gjer sambuaren gravid, er det som fær det heile til å rasa saman. Han veit at han ikkje kann få born, og her må det ha vorte sagt og gjort ein heil del millom dei impliserte som me ikkje fær vita. Bodskapen er nok som i so mange samanhengar i kriminallitteratur å ikkje lata seg bøygja for utpressing.

Fleire smakebitar fylgjer i neste nummer!

Målmannen treng folk som skriv høg-norsk. Kom gjerne med stykkje og innlegg til bladet!

Attende til: Målmannen, Njårds veg 10, 2214 Kongsvinger

Sluttordet:

Sanningi drep ingen. Lygni gjer.

Ivar Garberg